

An aerial photograph of a lush green mountain valley. A winding river flows through the center of the valley, surrounded by fields and clusters of houses. The valley opens up towards a larger, more developed area in the background. The sky is blue with some white clouds.

2019

ÅRSMELDING FOR LOM KOMMUNE

Innleiing

Om Lom - visjon og verdigrunnlag	4
Ordføraren sine kommentarar.....	5
Status og vurdering frå adm.sjef.....	6

Styringssystem

Internkontroll.....	8
Politisk organisering.....	9
Administrativ organisering	9
Nokre tal for 2019.....	10

Perspektiv

Kommunen som arbeidsgjevar.....	12
---------------------------------	----

Økonomisk oversyn


Økonomisk analyse.....	16
Balanse	17
Kraftinntekter.....	20
Årsoppgjer.....	21
Regnskapsskjema 1A og 1B.....	26
Økonomisk oversikt investering	27
Regnskapsskjema 2A	29
Regnskapsskjema 2B.....	30
Økonomisk oversikt balanse	31
Endring arbeidskapital	33

Oversyn frå tenesteområda

Støttefunksjonen.....	34
Servicetorg, informasjon, kultur	35
Barnehagane i Lom.....	40
Skulane i Lom.....	42
Pleie og omsorg	46
Miljø, teknisk, næring.....	52
Helse og velferd	55

Vedlegg: Notar og revisjonsmelding

Note 01 - Endring i arbeidskapital.....	62	Note 11 - Strykninger.....	70
Note 02 - Årsverk/ytingar til leiarar/revisor.....	62	Note 12 - Kapitalkonto	71
Note 03 - Pensjon	63	Note 13 - Investeringsprosjekt	72
Note 04 - Anleggsmidlar.....	65	Note 14 - Sjølvkostområde	74
Note 05 - Aksjar og andelar i varig eige	66	Note 15 - Spes. av vesentlige poster og(...)	75
Note 06 - Sal av finansielle anleggsmiddel	66	Note 16 - Interkommunalt samarbeid (...)	76
Note 07 - Langsiktig gjeld	67	Note 17 - Tap på krav.....	76
Note 08 - Avdrag på lån	68	Note 18 - Usikre forpliktelser, betingedede(...)	76
Note 09 - Kommunen sitt garantiansvar.....	68		
Note 10 - Avsetning og bruk av fond	69		



Lom

Lom kommune ligg i Ottadalen i Oppland fylke og grensar i nord til Skjåk og Lesja, i aust til Vågå, i sør til Vang, og i vest til Luster i Sogn og Fjordane. Kommunen har sine noverande grenser fra 1866, då Skjåk vart skilt ut som eigen kommune.

Geografi

Mesteparten av arealet i Lom utgjer snaufjell og brear der over 90% av arealet ligg over 900 moh. Innan kommunen ligg meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark og begge dei to høgste fjelltoppane i Noreg, Galdhøpiggen på 2469 moh. og Glittertind, som er fast fjell på 2452 moh. med ein isbre på toppen.

Gjennom fjellområda i kommunen får to dalføre, Ottadalen og Bøverdalen. Desse to dalane møtest ved tettstaden Fossbergom. Folkesetnaden bur for det meste langsmed sørsida av Ottadalen. Andre busette område i kommunen er Lia, Garmo og Bøverdalen.


Næringsliv

Den viktigaste enkeltnæringa i Lom er jord- og skogbruk. Grunna det tørre klimaet må bøndene bruke vatningsanlegg. Lom har den norske rekorden for minst nedbør i laupet av eitt år, 130 mm i 1911. Turisme er ei viktig næring takka vere plasseringa mellom fjellområde, med ei rekke hotell og turisthytter både i Fossbergom og oppover i Bøverdalen. Fleire naturområde i Lom er verna, mellom anna delane av kommunen som ligg innan nasjonalparkane Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen, i tillegg til tre mindre naturreservat.

Kultur

Lom har fleire minne frå eldre kultur, mellom anna Lom stavkyrkje. Garmo kyrkje vart rivi 1880 og etterreist på Maihaugen på Lillehammer som del av De Sandvigske samlinger. På Fossbergom Steinsenteret det samlingar av stein frå heile verda, særleg mange mineral frå Jotunheimen. Norsk fjellmuseum opna i 1994. Lom bygdemuseum er ein del av det konsoliderte Museet i Nord-Gudbrandsdalen og har fleire bygningar, me.a. Tor-Jonsson stugu, der diktaren vokser opp. Ein minnestein er reist ved Hamsunstugu på Garmo, som er fødestanden til Knut Hamsun. Annakvart år vert litteraturfestivalen Diktardagar arrangert.

kjelde: wikipedia.no



Areal	1.969 km ²
-Land	1.900 km ²
-Vatn	69 km ²
Folketal	2.293(1.1.2019)
Kommunenr.	0514

Visjon og verdigrunnlag

Visjon: Lom – gjestfritt og nyskapande

Gjestfridomen skal omfatte alle:

- Dei som allereie er fast busette
- Dei som ønskjer å busetja seg i Lom
- Tilreisande, turistar
- Slagordet "Kom til Lom" er med og synleggjer visjonen.

Verdigrunnlag

Lom skal vera eit lokalsamfunn basert på desse grunnverdiane:

- | | |
|----------------|----------------------------|
| • Gjestfri | • Nyskapande |
| • Open | • Trivsel |
| • Inkluderande | • Lokal kultur og historie |
| • Respektfull | • Natur |

I den kommunale verksemda skal alle tilsette leggje vekt på å vera:

- Offensiv
- Løysingsorienterte
- Inkluderande

Ordføraren kommenterer

2019 føyjer seg inn i rekka som eit svært aktivt år for Lom kommune. Kommunen løyer stadig fleire komplekse oppgåver og organisasjon må derfor være dynamisk og ha evne til å snu seg rundt.

Eg vil nytte anledninga til å gjeva ein stor honnør til alle leiarane og tilsette som er løysningsorienterte og som evnar å levele gode og trygge tenester til våre innbyggjarar.

I 2019 var det kommune- og fylkestingsval, og i skrivande stund er eit nytt kommunestyre godt i gang med sitt arbeid. Det nye kommunestyret vedtok ein ny politisk organisering med to nye utval. Samfunnsutvalet med ansvar for å fylge opp næring, samfunnsutvikling og planarbeid. Levekårsutvalet med ansvar for helse, omsorg, oppvekst og kultur. Lom kommune har ikkje hatt utvalstruktur sidan 2003 og det er med stor interesse og pågangsmot dei nyvalde politikarane, saman med administrasjon nå skal legge til rette for gode politiske prosessar for å utvikle Lom kommune framover. Kommunestyret har gjennomført fyrste del av folkevaldopplæringa og vil i det komande året få god innsikt i det viktige arbeidet som dei folkevalde skal gjera for å sikre at Lom kommune skal utvikle seg vidare på ein positiv måte både for innbyggjarane, næringslivet og våre tilsette.

Både for dei folkevalde og dei tilsette er årsmelding og årsregnskapet viktige styringsdokument, eg vil oppmøde alle til å setta seg godt inn i desse dokumenta. Saman med årsbudsjett og økonomiplan gjev det oss viktig informasjon om korleis dei politiske prioriteringane gjer kommunen i stand til å levele på viktige oppgåver. Hausten 2019 valde vår administrasjonssjef gjennom 17 år Ola Helstad og slutte i sin stilling i Lom kommune for å ta fatt på nye og spanande oppgåver som kommunedirektør i Sel kommune. Eg vil nytte anledninga til å takke Ola for den gode jobben han har gjort for Lom kommune både som administrasjonssjef og i dei andre stillingane han har hatt i Lom kommune i 28 år.

Trond Byre Haakensen takka ja til å fungere som konstituert administrasjonssjef frå 1. januar 2020 og fram til vi fekk tilsett fast i stillinga. Eg vil takke Trond for at han tok på seg den oppgåva og løyste den på ein svært god måte.



Eg vil også takke det avgåtte kommunestyret for arbeidet og alle dykk som har delteke i det politiske arbeidet for Lom kommune gjennom mange år. Eg vil spesielt takke varaordførar Anne-Lise Marstein for godt samarbeid i perioden 2011 til 2019.

Status og vurdering

Administrasjonssjefen kan for 2019 melde om eit samla overskot på i underkant av 2,3 mill. kroner, med eit justert netto driftsresultat på 1,2 % av driftsinntektene. Årsaken til resultatet er i hovudsak auke i skatteinntekter og reduserte pensjonsutgifter. Resultatet vitnar om god budsjettdisiplin og god økonomisk styring.

Det er likevel grunn til å vera uroa over den økonomiske driftssituasjonen og handlingsrommet i åra framover. Høg lånegjeld gjer oss sårbare i høve renteoppgang. Folketalet i Lom kommune held fram med å sokke og ved utgangen av 2019 budde det 2228 personar i kommunen. Den fremste årsaka til nedgangen i folketalet er at mange busette flyktningar er ferdige med introduksjonsprogrammet og vel å flytte frå kommunen for å finne seg arbeid annan stad. I 2019 flytta 32 flyktningar frå kommunen. Talet på barnefødslar går også ned, i 2019 vart det fødd 12 nye lomverer. Nedgangen i folketalet reduserer inntektene til kommunen gjennom inntektssystemet og kommunen har få moglegheiter til å kompensere dette gjennom auka inntekter. Resultatet er at kommunen må legge om drifta og arbeide smartare for å lever gode tenester

innafor dei rammene vi har.

Det har vore ei gledeleg utvikling i sjukefråveret gjennom heile 2019. I 2018 var det totale sjukefråveret på 9,1 % i 2019 var det på 6,8 %. Det er særleg det korte og mellomlange fråveret som fell men også langtidsfråveret har ein fallande tendens.

Lom kommunen leverer gode tenester til innbyggjarane og blei nr. 23 av 356 kommunar på kommunebarometeret for 2019. For å trekke fram noko vil eg nemne pleie- og omsorgstenesta som førebur seg på eldrebølga som kjem og arbeidar kontinuerlig med å vri tenestene frå omsorg på institusjon til heimebaserte tenester. Skulene har også i 2019 gode resultat på nasjonale prøver og elevundersøkinga og har fullt fokus på fagfornyinga som kjem i 2020. Lom folkebibliotek får nasjonal merksemd for formidlingsprosjekta sine og hadde ein auke i utlån av bøker på 6,5 %. På plan og miljø har fokus i 2019 vore på oppryddinga etter den store flaumen i 2018.

2019 var eit år med stor utskifting i den administrative toppleiringa i Lom kommune. Ola Helstad slutta som



frå administrasjonssjef

administrasjonssjef i Lom etter 17 år. Eg vil nytte høvet til å takke ham for den store innsatsen han har lagt ned for kommunen gjennom mange år.

Vidare vil eg rette ein stor takk til alle dyktige og dedikerte medarbeidarar i Lom kommune for den innsatsen de gjer for å levere gode tenester til innbyggjarane.

Trond Bye-Haahrslm



Internkontroll

Arbeidsmiljølova legg føringer for helse, miljø og tryggleiksarbeidet ved at den i § 3-1, p. 1 seier:

«For å sikre at arbeidstakers helse, miljø, og sikkerhet blir i varetatt, skal arbeidsgiver sørge for at det utføres systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid på alle plan i virksomheten. Dette skal gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres tillitsvalgte».

Aml. § 4 utløyer plikt til internkontroll: «den som er ansvarleg for virksomheten skal sørge for at det innføres og utøves internkontroll i virksomheten og at dette gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres representanter. Arbeidstakerne skal medvirke ved innføring og utøvelse av internkontroll.»

Skriftleg dokumentasjon på internkontrollen skal minst omfatte § 5 punkt 4 – 8 i internkontrollforskrifta.

Internkontrollen er heimla i Kommuneloven. Administrasjonssjefen

skal syte for at kommunen blir drive i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at det er god kontroll innan økonomi- og personalforvaltning, innkjøp, IKT-styring og informasjonstryggleik, saksbehandling og tenesteproduksjon.

Internkontroll handlar om systematisk arbeid og dokumentasjon av eigen praksis, forbetring av arbeidsmetoder og samhandling for å sikre måloppnåing, og for å unngå lovbro og andre uønska hendingar. Med internkontroll meiner ein kvalitetssikring av prosessar, system og rutinar som blir utforma og gjennomført. Ein nyttar elektronisk kvalitetssystem frå Kommuneforlaget (KF), gjennom KF-infoserie, KF- kvalitetsstyring og KF- Betre.kommune. Fokus i 2014 har vore avvikssystem og risikoanalyser. Det er framleis dokumentasjon, som skal inn i det elektroniske kvalitetssystemet. Arbeidet vil fortsetje for å få eit heilskapleg kvalitetssystem, som i varetek kravet til internkontroll innan ramma av § 23 i kommunelova.

Kommunelova§ 23, 2. ledd

Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter §3

Internkontroll: Systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

Administrativ organisering

Lom kommune er organisert i ein to-nivå-modell med Ola Helstad som administrativ leiar. Administrasjonen er inndelt i desse tenesteområda med kvar sin leiar:

- **Støttefunksjonen**, leiar Egil Haug, Åste Einbu Gudbrandsen etter Haug gjekk av med pensjon
- **Loar skule**, rektor Anita Hølmo Nestvold
- **Lom ungdomsskule**, rektor Lisa Kronhaug
- **Loar barnehage**, leiar Ragnhild Vestad
- **Miljø, teknisk, næring**, Ola Helstad konst. leiar
- **Helse og velferd**, leiar Synne Skogsrød
- **Pleie og omsorg**, pleie- og omsorgssjef Oda Evy Øyen
- **Servicetorg, informasjon, kultur**, leiar Trond Byre-Haakensen

Politisk organisering

Kommunestyret 2015 - 2019



Bjarne Eiolf Holø
Svanhild Lyngved
Silje Stee Vole
Arnstein Rusten
Rolv Enersvold
Hjørdis Sletten
Odd Arne Kroken
Marit Sletten



Anne-Lise Marstein
Harald Onsum-Berg
Kari Ramen
Norvald Hellekveen



Jarmund Øyen
Kristian Frisvold
Dagfinn Kvåshagen



Eilev Hellekveen
Synne Skogsrød Bjørgen

Formannskapet

Bjarne Eiolf Holø (ordførar) Anne Lise Marstein (varaordførar), Marit Sletten, Eilev Hellekveen, Kristian Frisvold.

Andre politiske råd og utval 2015-2019

Administrasjonsutval
Brukarråd
Eldrerådet
Kommunalt råd for funksjonshemma

Landsbyrådet
Overtakstnemnd
Takstutval
Ungdomsrådet

Vilt og innlandsfiskenemnd
Valnemnd
Valstyret
Kontrollutvalet

Kommunestyret 2019 - 2023



Bjarne Eiolf Holø
Marit Sletten
Arnstein Rusten
Rolv Enersvold
Odd Arne Kroken
Eva Birgitte Stee
Torstein K. Garmo



Sigrun Garmo
Tomas Sørhage
Malin Sætre
Bjørn Ola Aukrust



Trond Volden
Kristian Frisvold



Kjell Brandsar
Linda Løberg
Jeanette Schakenda
Torgeir T. Garmo

Formannskapet

Bjarne Eiolf Holø (ordførar) Marit Sletten (varaordførar), Kjell Brandsar, Sigrun Garmo, Trond Volden.

Andre politiske råd og utval 2019-2023

Administrasjonsutval
Arbeidsmiljøutval
Brukarråd
Eldrerådet
Levekårsutvalet
Råd for personar med

funksjonsnedsetjing
Krigsskadenemnd
Landsbyrådet
Overtakstnemnd
Samfunnsutvalet
Takstutval

Ungdomsrådet
Viltutval
Valnemnd
Valstyret
Kontrollutvalet

Forventa folketalsutvikling

 **2243**
innbyggjarar i Lom pr. 2030

Antal plasser i helse- og
omsorgsinstusjonar

 **34**

Forventa folketalsutvikling

 **2239**
innbyggjarar i Lom pr. 2040

Mottakarar av
heimetenester 67-79 år:

 **71,4**
pers. pr. 1000 innbyggjarar


Forventa levealder i fylket

 **82,9** år
Kvinner

...nokre tal for
2019
Lom kommune
kjelde: ssb.no

Aldersfordeling i Lom (pr. 1. januar 2019)

100 eller eldre



Fødde:

 **12**
pers. pr. 4. kvartal 2019

Dødd:

 **-23**
pers. pr. 4. kvartal 2019

Nettoflytting:

 **-54**
pers. pr. 4. kvartal 2019

Lom si befolkning

 **2228**
pers. pr. 4. kvartal 2019

Forventa levealder i fylket

 **79,3** år
Menn


Andel barn med barnehageplass

 **90,3%**

Fastlegeårsverk

 **19,7**
pr. 10 000 innbyggjarar

Kva arbeider vi med?



...nokre tal for
2019
Lom kommune
kjelde: ssb.no

Netto utgifter til kultursektoren


pr. innbyggjar

Driftsutgifter per
innbyggjar i kr

 **115166**

Personar med
innvandrarbakgrunn
i prosent:

 **6,2**
pr. 2. kvartal 2019

Personar pr.
privathushaldning:

 **2,15**
pers. pr. 4. kvartal 2019

Antal
einebustadar

 **1072**

Driftsinntekter per
innbyggjar i kr

 **112643**

Kommunen som arbeidsgjevar



Lom

Arbeidsgjevarstrategien i Lom

Lom kommune har ein arbeidsgjevarstrategi frå 2012. Arbeidsgjevarstrategien er inndelt i to overordna satsingsområde :

Omdømme og rekruttering Omdømme og nærvær

Under desse to finn vi desse satsingsområda:

- | | |
|-------------------------|----------------------------|
| • rekruttere og behalde | • likestilling og mangfold |
| • kompetanse | • nærvær og fråvær |
| • løn | • leiing |
| • livsfase | • medbestemmelse |

Strategien er eit overordna styringsdokument som skal sjåast saman med sentrale avtaler mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar, og lokale styringsdokument som kommuneplanen Lom 2020 og budsjettet dokument. Arbeidsgjevarstrategien ser fram mot 2020.

Mål for arbeidsgjevarstrategien;

- Lom kommune skal kontinuerleg forbetre kvalitet og effektivitet, og utvikle nye løysingar saman med brukarar, innbyggjarar og samarbeidspartar.
- Løn kommune skal ha leiarar som utfordrar, stiller krav og støttar.
- Lom kommune skal ha ein høg etisk standard, dei tilsette skal ta ansvar for eigne handlingar i samsvar med dei etiske retningslinene.
- Lom kommune skal ha evne til å rekruttere, behalde, og utvikle medarbeidarar, og ha god konkurranseevne i arbeidsmarknaden.
- Lom kommune ynskjer til kvar tid å representera mangfaldet i samfunnet.
- Tilsette og arbeidsgjevar arbeider kontinuerleg for eit godt omdømme.

Identitet og omdømme

Det er i Lom kommune fleire strategiske planar som syner kommunen sitt arbeid med identitet og omdømme. I Lom 2020 og Arbeidsgjevarstrategien er omdømeperspektivet lagt til grunn, og Lom kommune har som visjon å vere gjestfritt og nyskapande, med atferdskrav som løysingsorientert, offensiv og inkluderande.

Lønspolitikk

Lom kommune har ein lønspolitiskplan som skal vere basert på mål, motiverande, kompetanse- og karierreutviklande, synleg og basert på dialog, marknadsorientert og pådrivande for likeløn. Planen er tema på dialogmøter med dei tillitsvalde, og aktivt brukt ved rekruttering og lokale lønsforhandlingar.

Lønspolitikken i Lom kommune skal medverke til å oppfylle kommunen og den enkelte driftseining sine målsetjingar. Den skal tene til å fremje kvalitet, service og effektivitet i tenesteproduksjonen, og skal vere ein dynamisk og motiverande del av politikken til arbeidsgjevar. Lønspolitikken skal sikre at lønsfastsetjing er relatert til den funksjonen medarbeidaren er i, vedkommande si kompetanse og måten arbeidet er utført på. Lønsfastsetjing skal vere synleg, gjennom kjende og bindande kriterium basert på dialog mellom leiar, tillitsvald og medarbeidar. Så langt som mogleg skal lønspolitikken sikre at kommunale funksjonar har eit lønsnivå som er konkurransedyktig på den regionale arbeidsmarknaden, og den skal medverke til lik løn for arbeid av same kvalitet, innsats og resultat, og med lik moglekeit for lønsutvikling uavhengig av kjønn.

Planen vart gått gjennom i 2014 utan at det vart gjort endringar.

Rekruttering og kompetanseutvikling

Kompetanse er summen av dei kunnskapar, ferdigheter, evner og haldningars som må nyttast for å utføre dei kommunale oppgåvene som Lom kommune til ei kvar tid utfører, og for å oppnå dei mål som er sett for tenesteytinga. Kompetanseplanen er ein overordna plan som syner korleis Lom kommune ynskjer å arbeide med kompetanseutvikling for å nå måla sine i framtida. Kompetanseplanen skal sikre ei målretta kompetanseutvikling av Lom kommune sine tilsette og ei målretta rekruttering av ny arbeidskraft. Kompetansebehovet skal definerast ut frå kva som er nødvendig for å nå overordna mål og krav til tilsette på kort og lang sikt. Lom kommune har som mål til ei kvar tid å ha arbeidstakarar med den kompetansen som er nødvendig for å løyse kommunen sine oppgåver på ein effektiv og rasjonell måte ved å:

- ta vare på og utvikle medarbeidaren sin kompetanse
- ta vare på den nytilsette medarbeidaren
- fokusere på rekruttering og positiv profilering

Lom kommune skal være ein lærande organisasjon som skapar gode føresetnader for medarbeidaren si læring. Vi har fokus på både interne og eksterne læringsarenaer.

Sjukefråvær totalt Lom kommune				
	1-16 dagar	17-40 dagar	<41 dagar	TOTALT
2015	2,6	3,7	0,7	7,0
2016	1,9	1,9	3,7	7,5
2017	1,8	1,0	4,6	7,3
2018	1,5	1,8	5,8	9,1
2019	1	0,5	5,4	6,8

Arbeidsmiljø og HMT

Lom kommune vart i 2003 IA-kommune, og har partsamansett skrive under avtale ut 2018. Frå 01.01.19 kom ny IA-avtale, ei avtale som no er gjeldande for alle verksemder. Ny IA-avtale har no meir fokus på arbeid med kompetanseheving i arbeidet med å styrke jobbnærværet. I tillegg fekk Lom kommune i 2019 ny kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter, og dette samarbeidet starta opp på slutten av året. Som IA-kommune skal Lom kommune aktivt arbeide for å betre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærvær og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet.

Verksemder med minst 50 tilsette har plikt til å ha eit arbeidsmiljøutval (AMU). AMU skal arbeide for eit fult forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet skal delta i planlegging av verne- og miljørbeidet i verksemda, og fylje nøye med på utvikling av arbeidsmiljøet. Lom kommune sitt AMU har 2 representantar frå arbeidstakarane og 2 representantar frå arbeidsgjevar;

REPRESENTANT (2019)

Hilde Vikan – representant frå tillitsvalde
Anne Eiesar – hovudverneombod
Norvald Hellekveen (valperiota 2015-0219)
Rolv Enersvold (valperiota 2019-2023)
Ola Helstad - administrasjonssjef

VARA

Ingrid Valdvik
Tom Daae
Wenche Smetop (2015-2019)
Sissel Husom (2019-2023)

Lom kommune har Frisk HMS som bedriftshelseteneste. og dei er innkalla på alle møta. Leiaransvaret i AMU har vore arbeidsgjevar

arbeidsgjevar sitt.

Det har vore gjennomført 5 møter i 2019, og eit av tema som var oppe på kvart møte var gjennomgang av sjukefråværet. AMU har teke saka til orientering. Andre saker som har vore anten til behandling eller orientering i AMU er avvik HMS, resultat etter vernerundane med handlingsplaner og prioritering, verneområder, nedbemanningsprosess og gjennomgang av rutinar for nedbemanning, orientering om budsjett for 2020, fritak frå varslingsgruppa, og årsrapport for 2018.

Tiltaksplanen i arbeidsgjevarstrategien seier at kommunen skal arbeide med god oppfyljing av dei tilsette gjennom trivsel og helsefremjande tiltak, aktiv bruk av livsfasepolitikken, arbeide med IA-avtalen, arbeide for kommunikativt og nært leiarsskap, og ha eit elektronisk HMT/kvalitetssystem som gjev god flyt og sikrar gode rutinar. Det er eit felles kvalitetssystem for heile kommunen.

Det er i Lom kommune fleire strategiske planar som synar kommunen sitt arbeid med identitet og omdømme. I Lom 2020 og Arbeidsgjevarstrategien er omdømmeperspektivet lagt til grunn, og Lom kommune har som visjon å vere gjestfritt og nyskapande, med aferdskrav som løysingsorientert, offensiv og inkluderande.

Modulane i kvalitetssystemet har fornysa seg. Vi arbeider stadig med forbetringar. Avvikssystemet er eit leiarverktøy, der vi fører statistikk og kan gjera tiltak ut frå dei avvik som er meldt. Ved å følgje opp avvika er målet å førebygge at tilsvarende avvik skjer på nytt. Gjennom aktivt avviksarbeid gjer ein mykje kvalitetsforbetrande arbeid. Avvikssystemet er no innarbeidd, men vi ser likevel ulik vektlegging av det. Avvikssystemet bør nyttast som eit innspel i utvikling og kompetansebygging i organisasjonen, der ein går i gjennom avvika og har refleksjonsrundar for om mogleg legge opp ny og betra praksis.

Vi planlegg same arbeid på internkontrollen for 2020 med fokus på avvikssystemet, risikoanalyser og vidare arbeid med prosedyrar.

Livsfasepolitikk

Som arbeidsgjevar ynskjer Lom kommune å leggje til rette for at tilsette skal trivast og yte sitt beste på arbeidsplassen sin.

Alle går gjennom ulike fasar i livet, og kvar livsfase har ulike behov, krav, utfordringar og moglegheiter. Lom

Senioravtaler i Lom kommune									
2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	
17	14	10	12	14	8	9	6	4	

commune ynskjer å ta høgde for at det som skjer underveis i yrkeskarrieren påverkar produktivitet og kor lenge ein ynskjer å vera yrkesaktive.

Det er teke omsyn til dei ulike fasane i livet i kommunen sin livsfasepolitikk. Livsfasepolitikken vart vedteke i ADMU i desember 2015.

Heiltidskultur, likestilling og mangfald

Lom kommune arbeidar aktivt med å redusere bruken av deltidsstillingar og for å auke stillingsstorleiken for tilsette i deltid.

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere. Det har sidan Lom kommune vedtok sin Arbeidsgjevarstrategi vorte utarbeidd ein strategisk kompetanseplan som skal vere med på å oppretthalde og auke kvaliteten på våre tenester.

Det er fleire kvinner enn menn i Lom kommune, men menn har både høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik og løn. Blant dei tilsette med faste deltidsstillingar er det flest kvinner, og dei høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn menn.

Tilsette i faste stillingar

Det er fleire vikarar inne i arbeid kvart år som ikkje har fast arbeidsforhold i kommunen. Det er flest kvinner, og desse har lågare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn menn.

Vikarar utan fast tilsetjing


Det var fleire tilsette som fekk høgda si faste stilling, og fleire som fekk fast stilling i 2019 etter lengre periodar som vikarar.

Som ein del av Arbeidsgjevarstrategien skal Lom kommune utarbeide ein likestillings- og mangfaldspolitikk. I tillegg skal det arbeidast med lokale retningslinjer for heiltidskultur. Dette arbeidet skal gjerast saman med dei tillitsvalde.

Årsverk totalt 2019	Totalt	Menn	Kvinner
Stab	4,4	2,4	2
Støttefunksjon	8,4	1	7,4
Service, informasjon, kultur	5,1	3,1	2
Loar barnehage	25,5	1,4	24,1
Loar skule og Lom musikk- og kulturskule	25,5	5,2	20,3
Lom ungdomsskule inkl vaksenopplæringa	17,35	6,3	11,05
MTN	20,9	12,4	8,5
Utgard	3,5	1	2,5
Bibliotek	2,1	0,3	1,8
Helse og velferd	14,2	2	12,2
Pleie og omsorg	84,5	2,2	82,3

Fast tilsette i full stilling	Menn	Kvinner
Antal	24	111
Kjønn	22%	78%
Gjennomsnittleg alder	51	46

Deltidstilsette i fast stilling	Menn	Kvinner
Antal	19	111
Kjønn	15%	85%
Gj.snittleg stillingsstorleik fast	52%	67%
Gj.snittleg stillingsstorleik aktiv	57%	70%



Vikarar utan fast tilsetting	Menn	Kvinner
Tal på vikarar	8	42
Gjenomsnittleg stillingsstorleik	55%	38%
Gjennomsnittleg alder	53	41

Tillitsvalde

Endringar og aukande forventningar til tenester, arbeidstakrar og arbeidsgjevar krev eit godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet.

Partane har ein rett og plikt til å gjere sitt beste for å skape eit godt samarbeid i kommunen. Dei tillitsvalde er representantar for dei tilsette ovanfor arbeidsgjevar. I Lom kommune er det 12 organisasjonar som er representerte, og desse har til saman

71% frikjøpte ressursar til organisasjonsarbeidet. Både pliktar og rettigheitar til partane, og frikjøpressursar er regulert i Hovudavtala.

Organisasjonane og arbeidsgjevar har dialogmøte kvar månad, og dei tillitsvalde ha representantar i TU, AMU og ADMU. I tillegg er dei med i prosjekt og prosessar i regi av arbeidsgjevar.

Økonomisk oversyn

Driftsrekneskapen for Lom Kommune

Handlingsregel

I kommunestyremøte den 29.10.2015 i sak 61/2015 vedtok Lom kommunestyret handlingsreglar for god økonomisk styring.

1. Mål om korrigert netto driftsresultat: 2 % av driftsinntektene.
2. Mål om storleiken på disposisjonsfondet: 10 % av driftsinntektene.
3. Mål om netto lånegjeld: skal ikkje vera over 65 % av driftsinntektene.

Handlingsregel	Rekneskap			Avvik
	2018	2019		
Driftsinntekter	248 367 000	248 006 000		
Justert netto driftsresultat	5 242 000	3 051 000	4 960 000	-1 909 000
Justert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	2,11 %	1,2 %	2,00 %	
Disposisjonsfond	26 223 000	31 371 000	24 800 000	6 570 000
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	10,6 %	12,6 %	10,0 %	
Netto Langsiktig gjeld	199 619 000	204 900 000	161 294 000	-43 670 000
Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	80 %	83 %	65 %	
Langsiktig gjeld:		253 109		
	248 371 000	000		
*Utlån	44 884 000	43 468 000		
*Ubrukte lånemiddel	3 868 000	4 740 000		
		204 900		
Netto lånegjeld (Jf. definisjonen til KOSTRA)	199 619 000	000		

* Tala er avrunda til heile tusen

Netto driftsresultat:

Dette er det mest brukt nykkeltalet i kommunal økonomi, og det måler om drifta går i balanse, det vil seie forholdet mellom inntekter og utgifter. Resultatet for 2019 vart svakt sett i forhold til handlingsregel. Etter pliktige og vedtekne avsettingar, og tatt omsyn til netto premieavvik, er rekneskapet gjort opp med eit justert netto driftsresultat tilsvarende 3 mill. kroner.

Dispositionsfondet:

Dispositionsfond utgjer 12,6 % av driftsinntektene pr. 31.12.2019. Fonda utgjer 6,6 mill. kroner meir enn handlingsregelen legg opp til, men det er viktig å merke seg at 9,6 mill. kroner er avsett for framtidige pensjonsutgifter. Akkumulert premieavvik står oppført i balansa med 6,4 mill. kroner. Avsette pensjonsmidlar på disposisjonsfond skal dekke opp for denne utgelta. Det er derfor viktig å merke seg at pensjonsfondet er avsett med 3,2 mill. kroner meir enn premieavviket.

Lånegjeld:

Netto lånegjeld er vesentleg over vedteke handlingsregel. Det blir derfor viktig at ein oppnår resultat i handlingsregel 1 og at ein opprettheld ei fondsbalanse på minimum 10 %.

Balanse

Anleggsmiddel

Anleggsmidlar syner rekneskapsførde verdiar av eigedomar, driftsmidlar, pensjonsmidlar, utlån og aksjar. Total bokførd verdi av anleggsmidlar ved utgangen av 2019 var 799,3 mill. kroner.

Anleggsmidlar har auka med kr 8,1 mill. kroner frå 2018 til 2019. Omlag kr 17,8 mill. kroner av denne auka skuldast pensjonsmidlar. Den bokførde verdien av pensjonsmidlar er kr 322 mill. kroner. Aksjar og andelar har auka med 0,7 mill. kroner. Dette er eigekapitalinnskot i KLP. Faste eigedomar, anlegg og utstyr er redusert med netto 8,9 mill. kroner.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlar er dei bokførde verdiane av kasse, bank, kortsiktige fordringar og premieavvik på pensjonar.

Sum omløpsmidlar var pr. 31.12.2019 125 mill. kroner. Dette er ei auka på kr. 4 mill. kroner frå 2018. Bankinnskot er redusert med kr 0,1 mill. kroner. Kortsiktige fordringar har auka med kr. 1,9 mill. kroner og netto premieavvik har auka med kr 2,2 mill. kroner.

Ser ein på kortsiktig gjeld (skal betalast innan 1 år) opp mot omløpsmiddel (kasse, bank, kundefordringar), så har kommunen i 2019 eit forholdstal = Omløpsmiddel dividert på kortsiktig gjeld(fråtrekt ubrukte lånemiddel) på 3,2 mot 2,9 i 2018. Det vil seie at vi har likviditet til å betale den kortsiktige gjelda 3,2 gonger, noko som syner ein god likviditet.

Arbeidskapitalutvikling – er ei anna oversikt over likviditetsutviklinga. Arbeidskapitalen er differansen mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld, sett i prosent av driftsinntekter. Det er ikkje gjort korrigering for netto premieavvik, som gjer at arbeidskapitalen framstår som betre enn den i realiteten er.



Gjeld

Kortsiktig gjeld


Kortsiktig gjeld utgjorde 31.12.19 39 mill. kroner. Detter er ei reduksjon med 2 mill. kroner frå 2018.

Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforpliktingar. Rekneskapsført langsiktig gjeld pr. 31.12.2019 var 618,9 mill. kroner. Dette er ei auke på 24,8 mill. kroner frå 2018. Låneopptak blir gjort etter vedtak i kommunestyret. Pensjonsforpliktingar er ein del av den langsiktige gjelda, og er bokført med kr. 365,8 mill. kroner. Pensjonsforpliktingar auka med 20 mill. kroner og andre lån auka med 4,7 mill. kroner.

Eigenkapital

Eigenkapitalen syner kor mykje av kommunen sine eigedelar som er finansiert med eigne middel. Eigenkapitalen har hatt nedgang dei siste åra. Ved investeringar bør ein nytte ca. 40 % eigenkapital og dermed maksimalt ca. 60 % langsiktig gjeld. Eigekapitalen var ved utgangen av 2019 på 266,5 mill. kroner, som er en reduksjon med 277,2 mill. kroner.



Diagrammet syner utviklinga av eigekapitalen.

Økonomisk analyse driftsnivå

Resultat på tenesteområda

Pleie og omsorg hadde eit mindreforbruk på 1 mill. kroner. Årsaka til dette er i hovudsak meirinntekt knytt til refusjon frå staten.

Helse og velferd hadde eit meirforbruk på 1,9 mill. kroner. Årsaka til dette er i hovudsak knytt til meirutgifter til legesteneste og psykisk helse med 0,7 mill. kroner. NAV har eit meirforbruk på 0,1 mill. kroner. Dette knyt seg til utgifter til økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsordninga. Barnevernet hadde eit meirforbruk med 0,5 mill. kroner. Av dette utgjer administrative utgifter 0,8 mill. kroner medan tiltak har ei innsparing på 0,3 mill. kroner. Flyktningtenesta hadde ei meirutgift på 0,5 mill. kroner. Årsaka til dette er 0,3 mill. kroner i meirutgifter til introduksjonsstønad og ei mindreinntekt av integreringstilskot på 0,5 mill. kroner samt reduserte utgifter til rådgjeving med 0,2 mill. kroner.

Lom ungdomsskule hadde eit mindreforbruk på 1,4 mill. kroner. Av dette er 0,6 mill. kroner knytt til grunnskuleundervisning og gjeld i hovudsak meirinntekter frå staten og refusjon av sjukepengar. I tillegg er det mindreforbruk knytt til voksenopplæring på 0,6 mill. kroner samt 0,1 mill. kroner i sjukepengerefusjon. I tillegg til dette er det eit mindreforbruk til spesialundervisning på 0,2 mill. kroner.

Loar barnehage hadde eit mindreforbruk på 0,7 mill. kroner. Årsaka til dette er i hovudsak knytt til refusjon sjukelønn og reduserte lønnsutgifter.

Landbrukskontoret hadde eit meirforbruk på 0,3 mill. kroner. Av dette er 0,2 mill. kroner knytt til tiltak for skogvirke og 0,1 mill. kroner knytt til overføring til private.

VAR, veg og kommunalteknikk hadde eit meirforbruk på 0,2 mill. kroner. Hovudårsaka til dette er knytt til vedlikehald av veg.

Plan, bygesak og miljø hadde eit mindreforbruk på 0,9 mill. kroner. Årsaka til dette er i hovudsak eit hovudsak knytt til gebyrinntekter og refusjonar.

Utgard hadde eit meirforbruk på 0,4 mill. kroner. Årsaka til dette er i hovudsak knytt til straumutgifter på 0,2 mill. kroner og vedlikehaldsutgifter på 0,1 mill. kroner.

Fellestenester hadde eit meirforbruk på 1,6 mill. kroner. Årsaka til dette er i hovudsak knytt til politisk verksemد med 0,4 mill. kroner, mindreinntekter knytt til kommunal bustader med 0,5 mill. kroner, mindreinntekter knytt til leigeinntekter kommunale bygg med 0,8 mill. kroner samt ein meirutgift til kyrkjeføremål med 0,2 mill. kroner.


Bibliotek, næring, Loar skule, kommunale bygg hadde ikkje avvik frå budsjett.

Kraftinntekter

Konsesjonskraft

Erstatningar og kompensasjonar frå kraftutbygging og kraftproduksjon er ei vesentleg inntektskjelde for Lom kommune. Samla utgjer desse inntektene 24,6 mill. kroner.

	2015	2016	2017	2018	2019
Konsesjonskraft	7 787 588	8 191 618	8 356 987	7 662 420	9 584 798
Konsesjonsavgifter	4 306 214	4 365 071	4 746 347	4 798 810	4 715 177
Avtale Smådøla	408 611	772 200	744 857	1 249 201	956 322
Naturressursskatt	2 214 916	2 120 492	2 148 290	2 231 901	2 007 830
Eigedomsskatt kraftverk	4 205 397	4 726 338	3 235 287	2 499 779	2 323 602
Aksjeutbytte kraftselskap	6 628 200	6 075 000	2 574 000	2 176 800	5 000 000
Sum kraftrelaterte inntekter	25 550 926	26 250 719	21 805 768	20 618 911	24 587 729



Økonomisk analyse - hovedoversikt

Driftsinntekter

Samla driftsinntekter var 248 mill. kroner. Dette er ei reduksjon med 0,4 mill. fra 2018 og 10,8 mill. kroner høgare enn justert budsjett for 2019. Avviksforklaring følgjer under.

Brukabetalinger blei 10,2 mill. kroner, ei auke med 0,2 mill. kroner fra 2018. Inntekta blei 0,9 mill. kroner høgare enn justert budsjett for 2019. Dette skyldast i hovudsak auka brukabetalinger for legeteneste med 0,4 mill. kroner og institusjonsplassar med 0,3 mill. kroner.

Andre sals- og leieinntekter blei 37,4 mill. kroner, ei reduksjon på 0,8 mill. kroner fra 2018. Inntekta blei 1 mill. kroner lågare enn justert budsjett for 2019. Dette skyldast i hovudsak svikt i leigeinntekter ved ulike bygg.

Overføring med krav til motyting blei 31,7 mill. kroner, og er ei auke på 0,2 mill. kroner fra 2018. Inntekta blei 7,6 mill. kroner høgare enn justert budsjett for 2019. Hovudårsaka til dette er sjukelønnsrefusjon med 4,1 mill. kroner og refusjonar frå staten med 3,5 mill. kroner. Dette omhandlar i hovudsak refusjon for ressurskrevjande tenester. I tillegg til dette er det ei mindreinntekt knytt til refusjon frå private med 1,5 mill. kroner. Dette er ikkje eit reelt avvik fordi budsjettet inntekt er rekneskapsført under andre direkte og indirekte skattar.

Rammeoverføringer blei 95,4 mill. kroner, ei auke på 4 mill. kroner fra 2018. Inntekta blei 0,2 mill. kroner høgare enn justert budsjett for 2019.

Andre statlige overføringer blei 7,9 mill. kroner, ei reduksjon med 5 mill. kroner fra 2018. Inntekta blei 0,9 mill. kroner høgare enn justert budsjett for 2019. Endringa frå 2018 gjeld i hovudsak reduksjon i integreringstilskotet og tilskot til vaksenopplæring. I tillegg til dette er tilskot til veterinærkraft feilbudsjettet og kjem fram som avvik. Tilskotet blir utbetalt til Skjåk som vertskommune.

Andre overføringer blei 0,6 mill. kroner, ei auke på 0,4 mill. kroner fra 2018. Dette er 0,5 mill. kroner høgare enn justert budsjett for 2019. Årsaka til dette er motteke gåvemedilar til helseheimen.

Skatt på inntekt og formue blei 53,3 mill. kroner, ei auke på 1,7 mill. kroner fra 2018. Inntekta blei 0,7 mill. kroner høgare enn justert budsjett, men 0,8 mill. kroner lågare enn opphavelig budsjett.

Eigedomsskatt blei 3,9 mill. kroner, ei reduksjon på 0,4 mill. kroner fra 2018. Inntekta blei 0,2 mill. kroner høgare enn justert budsjett for 2019. Dette skyldast i hovudsak eigedomsskatt knytt til bustad og fritidsbustad.

Andre direkte og indirekte skatter blei 7,7 mill. kroner, ei reduksjon på 0,6 mill. kroner fra 2018. Dette er ei auke på 0,7 mill. kroner frå justert budsjett 2019. Avviket kjem fram som ei følge av at 1 mill. i erstatning for Smådøla er budsjettet på overføring med krav til motyting men rekneskapsført under andre direkte og indirekte skatter. I tillegg til dette er det mindreinntekt med 0,3 mill. kroner på naturressursskatt. Justert budsjett var 2,3 mill. kroner og rekneskapsført er 2 mill. kroner.

Driftsutgifter

Samla driftsutgifter var 254 mill. kroner. Dette er ei auke på 4,7 mill. kroner fra 2018 og 9,8 mill. kroner høgare enn justert budsjett.

Lønnsutgifter blei 134,7 mill. kroner, ei auke på 1 mill. kroner frå 2018. Utgifta blei 3,6 mill. kroner høgare enn justert budsjett. Budsjettavviket er i hovudsak variabel lønn vikarar med 1,9 mill. kroner, ekstrahjelp med 0,7 mill. kroner og overtid med 0,6 mill. kroner. Bruk av vikarar er samla sett ikkje eit meirforbruk, da dette må sjåast i samanheng med refusjon sjukelønn. Vidare utgjer godtgjering til folkevalde eit meirforbruk på 0,3 mill. kroner og oppgåvepliktige honorar til legar eit meirforbruk på 1 mill. kroner. Gjennom 2019 er det kjøpt tenester frå vikarbyrå med 0,3 mill. kroner. Dette kjem fram som avvik under kjøp av konsulenttenester.

Sosiale utgifter blei 27,3 mill. kroner, ei auke på 1,2 mill. kroner frå 2018. Utgifta blei 0,6 mill. kroner lågare enn justert budsjett 2019. Hovudårsaka til dette er meirutgift til avtalefesta pensjon og tilbakeført overskot frå KLP med 2,4 mill. kroner. Premieavvik på pensjonar utgjorde i 2019 2,2 mill. kroner.

Kjøp av varer og tenester blei 28,2 mill. kroner, som er ei auke på 0,5 mill. kroner. Utgifta blei 2,1 mill. høgare enn justert budsjett 2019. Hovudårsaka til dette er utgifter til straum på 0,5 mill. kroner, utgifter til vedlikehald på 0,9 mill. kroner og kjøp av konsulenttenester med 0,6 mill. kroner.

Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon blei 27,9 mill. kroner, ei auke på 4 mill. kroner frå 2018. Utgifta blei 0,3 mill. kroner høgare enn justert budsjett for 2019. I dette inngår mange tenesteområde, og positivt avvik er samansett av fleire postar. Negativt avvik er i hovudsak utgifter til barnevern, som utgjer 2,1 mill. kroner meir enn justert budsjett 2019. Det må gjerast ei vurdering av rekneskapet knytt til kjøp av tenester frå andre og eigenproduksjon i 2020.

Overføringer blei 17,6 mill. kroner, ei reduksjon med 3,4 mill. kroner frå 2018. Dette er eit meirforbruk med 1,6 mill. kroner sett opp mot justert budsjett 2019. Hovudårsaka til dette er momskompensasjon på 1 mill. kroner og overføringer til andre med 0,4 mill. kroner.

Fordelte utgifter var budsjettert med 0,3 mill. kroner, det er ikkje gjort rekneskapsmessig fordeling som budsjettert.

Finanstransaksjoner

Finansinntekter blei 8,5 mill. kroner, som er ei auke med 3,1 mill. kroner frå 2018. Hovudårsak til auke er 2,8 mill. kroner i utbytte og 0,5 mill. kroner i renteinntekter.

Finansutgifter blei 13,8 mill. kroner, og er ei auke med 1 mill. kroner frå 2018. Regnskapet avviker med 1 mill. frå justert budsjett. Årsaka til avvik er ekstra utgiftsføring av avdrag for å oppfylle kravet om minimumsavdrag. Dette er eit lovkrav som skal sikre tilstrekkeleg innbetaling av avdrag opp mot verdi av eigendalar.

Interne finanstransaksjoner

Sum bruk av avsettingar blei 11,6 mill. kroner. Dette er eit avvik med 1,5 mill. kroner opp mot justert budsjett. Hovudårsaka til dette er bruk av tidligare avsette bundne midlar på tenesteområda.

Sum avsettingar blei 14,3 mill. kroner. Dette er eit avvik med 1,9 mill. kroner opp mot justert budsjett. Hovudårsaka er avsettingar av bundne midlar på tenesteområda. Av desse avsettingane er 0,9 mill. kroner feilaktig avsetting av integreringstilskot. Dersom avsettinga ikkje vart gjort ville årsresultatet vore 3,2 mill. kroner. Feilføringa påverkar ikkje netto driftsresultat. Administrasjonssjefen legg til grunn av avsettingar som blir gjort til bundne fond er midlar som kommunen ikkje fritt kan disponere, og er bundne ved reglar, lov eller andre avtalar.

Økonomisk analyse - investeringar

Alle investeringsprosjekta er lagt inn spesifisert i note 13. I denne nota er det gjort avviksforklaring på kvart enkelt prosjekt. I tillegg til dette er det lagt inn opplysning om løyvinga vil bli foreslått overført til 2020. Administrasjonssjefen skal årleg fremme eiga sak om løyvingar som skal overførast. Investeringsprosjekt går ofte over fleire år, medan budsjettet er bindande og skal justerast etter krav om realisme.

Driftsrekneskapen for Lom Kommune

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter (Note 15, 16)				
Brukertilbetalinger	10 173 183	9 292 221	9 592 221	9 945 604
Andre salgs- og leieinntekter	37 377 678	38 339 976	37 366 976	38 200 831
Overføringer med krav til motytelse	31 738 418	24 149 245	21 575 454	31 555 190
Rammetilskudd	95 377 298	95 142 000	94 721 000	91 422 530
Andre statlige overføringer	7 892 666	6 974 353	7 361 353	12 967 827
Andre overføringer	632 593	100 000	100 000	189 126
Skatt på inntekt og formue	53 273 828	52 524 000	54 069 000	51 538 526
Eiendomsskatt	3 860 555	3 651 000	3 651 000	4 267 756
Andre direkte og indirekte skatter	7 679 329	7 000 000	4 700 000	8 279 912
Sum driftsinntekter	248 005 547	237 172 795	233 137 004	248 367 302
Driftsutgifter (Note 16)				
Lønnsutgifter (Note 2)	136 713 876	133 134 778	130 703 711	135 735 592
Sosiale utgifter (Note 3, 15)	27 306 212	27 940 488	27 275 285	26 094 795
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon (Note 15)	28 209 890	26 072 315	24 943 900	27 723 700
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon (Note 15)	27 920 836	27 623 093	26 222 713	23 878 867
Overføringer	17 583 732	15 972 273	15 164 075	21 029 966
Avskrivninger (Note 4)	16 356 601	13 830 000	13 830 000	14 966 591
Fordelte utgifter	0	-283 166	-283 166	0
Sum driftsutgifter	254 091 147	244 289 780	237 856 518	249 429 511
Brutto driftsresultat	-6 085 600	-7 116 985	-4 719 514	-1 062 209
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	8 358 868	8 387 163	8 387 163	5 123 981
Mottatte avdrag på utlån	166 654	98 000	98 000	276 703
Sum eksterne finansinntekter	8 525 522	8 485 163	8 485 163	5 400 684
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	4 991 417	4 735 000	4 735 000	4 060 042
Avdrag på lån (Note 8)	8 834 468	8 110 000	8 110 000	8 316 665
Utlån	0	30 000	30 000	399 254

Sum eksterne finansutgifter	13 825 885	12 875 000	12 875 000	12 775 961
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-5 300 363	-4 389 837	-4 389 837	-7 375 277
Motpost avskrivninger	16 356 601	13 830 000	13 830 000	14 966 591
Netto driftsresultat	4 970 637	2 323 178	4 720 649	6 529 105
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	3 256 427	3 256 427	0	167 920
Bruk av disposisjonsfond (Note 10)	759 757	759 757	39 000	1 962 583
Bruk av bundne fond (Note 10)	7 556 117	6 040 028	4 604 275	6 807 660
Sum bruk av avsetninger	11 572 300	10 056 212	4 643 275	8 938 163
Overført til investeringsregnskapet	34 577	0	0	220 800
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond (Note 10)	6 996 390	6 996 390	3 980 924	5 209 043
Avsatt til bundne fond (Note 10)	7 240 091	5 383 000	5 383 000	6 780 999
Sum avsetninger	14 271 058	12 379 390	9 363 924	12 210 842
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	2 271 880	0	0	3 256 427

Skjema 1 A

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Skatt på inntekt og formue	53 273 828	52 524 000	54 069 000	51 538 526
Ordinært rammetilskudd	95 377 298	95 142 000	94 721 000	91 422 530
Skatt på eiendom	3 860 555	3 651 000	3 651 000	4 267 756
Andre direkte eller indirekte skatter	7 679 329	7 000 000	4 700 000	8 279 912
Andre generelle statstilskudd	7 892 666	6 974 353	7 361 353	12 967 827
Sum frie disponible inntekter	168 083 676	165 291 353	164 502 353	168 476 551
Renteinntekter og utbytte	8 358 868	8 387 163	8 387 163	5 123 981
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	4 991 417	4 735 000	4 735 000	4 060 042
Avdrag på lån	8 834 468	8 110 000	8 110 000	8 316 665
Netto finansinnt./utg.	-5 467 017	-4 457 837	-4 457 837	-7 252 726
Til ubundne avsetninger	6 996 390	6 996 390	3 980 924	5 209 043
Til bundne avsetninger	7 240 091	5 383 000	5 383 000	6 780 999
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	3 256 427	3 256 427	-	167 920
Bruk av ubundne avsetninger	759 757	759 757	39 000	1 962 583
Bruk av bundne avsetninger	7 556 117	6 040 028	4 604 275	6 807 660
Netto avsetninger	-2 664 181	-2 323 178	-4 720 649	-3 051 879
Overført til investeringsregnskapet	34 577	-	-	220 800
Til fordeling drift	159 917 901	158 510 338	155 323 867	157 951 146
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	157 646 021	158 510 338	155 322 956	154 694 719
Regnskapsmessig mer/min-dreforbruk	2 271 880	-	-	3 256 427

Skjema 1 B

Fordelt:				
Stab oppvekst	2 438 328	2 437 417	2 417 417	1 916 437
Støttefunksjonen	-2 220 206	-1 057 714	-649 934	-5 918 466
Servicetorg, informasjon og kultur	11 103 111	10 043 093	9 801 093	9 287 950
Loar skule	19 403 098	19 347 336	19 000 226	17 430 044
Lom ungdomsskule	13 135 537	14 457 561	14 438 041	14 452 969
Barnehagar	14 966 467	15 563 519	16 466 214	16 617 479
MTN	17 096 580	17 603 855	15 370 129	17 865 149
Utgard	753 573	363 998	333 803	486 083
Bibliotekleiar	1 473 594	1 448 463	1 447 243	1 618 460
Helse og velferd	21 664 073	19 479 041	21 106 536	24 395 266
Pleie- og omsorg	57 831 868	58 823 769	55 593 099	56 543 348
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	157 646 021	158 510 338	155 323 867	154 694 719

Økonomisk oversikt - investering

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	1 258 323	-	-	873 948
Overføringer med krav til motytelse	648 351	715 200	554 000	2 246 737
Kompensasjon for merverdiavgift	3 102 190	2 865 442	3 429 500	3 461 703
Andre overføringer	74 924	-	-	10 530 299
Sum inntekter	5 083 788	3 580 642	3 983 500	17 112 687
Utgifter				
Kjøp av varer og tj. som inngår i tj.produksjon	14 862 959	15 109 480	15 430 400	37 082 363
Overføringer	3 221 162	2 865 442	3 429 500	5 123 953
Sum utgifter	18 084 121	17 974 922	18 859 900	42 206 316

Finanstransaksjoner				
Avdrag på lån	966 249	926 000	926 000	914 571
Utlån	-	34 000	834 000	300 000
Kjøp av aksjer og andeler	713 906	713 906	-	775 183
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	288 947
Avsatt til ubundne investeringsfond	-	-	-	19 197
Avsatt til bundne investeringsfond	1 708 442	-	-	1 306 151
Sum finansieringstransaksjoner	3 388 597	1 673 906	1 760 000	3 604 049
Finansieringsbehov	16 388 930	16 068 186	16 636 400	28 697 678
Dekket slik:				
Bruk av lån	13 666 917	13 669 280	15 026 400	25 157 196
Mottatte avdrag på utlån	1 248 531	960 000	960 000	2 105 553
Overført fra driftsregnskapet	34 577	-	-	220 800
Bruk av disposisjonsfond	1 088 906	1 088 906	-	1 214 130
Bruk av bundne driftsfond	350 000	350 000	250 000	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	400 000	-
Sum finansiering	16 388 930	16 068 186	16 636 400	28 697 678
Udekket/udisponert	-	-	-	-

Regnskapsskjema 2A - investering

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjar
Investeringer i anleggsmidler	18 084 121	17 974 922	18 859 900	42 206 316
Utlån og forskutteringer	-	34 000	834 000	300 000
Kjøp av aksjer og andeler	713 906	713 906	-	775 183
Avdrag på lån	966 249	926 000	926 000	914 571
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	288 947
Avsetninger	1 708 442	-	-	1 325 347
Årets finansieringsbehov	21 472 718	19 648 828	20 619 900	45 810 365
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	13 666 917	13 669 280	15 026 400	25 157 196
Inntekter fra salg av anleggsmidler	1 258 323	-	-	873 948
Tilskudd til investeringer	74 924	-	-	10 530 299
Kompensasjon for merverdiavgift	3 102 190	2 865 442	3 429 500	3 461 703
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	1 896 882	1 675 200	1 514 000	4 352 290
Sum ekstern finansiering	19 999 236	18 209 922	19 969 900	44 375 435
Overført fra driftsregnskapet	34 577	-	-	220 800
Bruk av avsetninger	1 438 906	1 438 906	650 000	1 214 130
Sum finansiering	21 472 718	19 648 828	20 619 900	45 810 365
Udekket/udisponert	-	-	-	-

Rekneskapsskjema 2B

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjar
EDB - utstyr/programvare Regiondata	250 825	251 000	342 400	-
Digitalisering	-	-	500 000	-
ISY ProAktiv	225 846	225 846	-	127 025
Takoverflate Ljosjehuset (Sikring - tryggleik)	-	-	150 000	-
Lom og Leirmo vassverk inkl sikringstiltak	1 985 440	1 985 040	1 000 000	-
Fossbergom RA Asfalt	359 076	359 076	270 000	-
Rassikring Ulstad	8 087 475	7 591 940	2 375 000	2 074 846
Brubakken Trafikksikring	1 227 135	1 343 800	1 375 000	4 888 765
ENØKtiltak	-	-	4 460 000	-
Riving av doktorgarden	-	-	500 000	-
To ladepunkt for el-bilar	-	-	100 000	-
Solskjerming Helseheimen	197 500	200 000	-	-
Oppmålingsutstyr	198 848	125 000	-	-
Velferdsteknologi	-	-	1 000 000	-
Velferdsteknologi PO	-	-	500 000	-
Kjøp av bilar	676 910	684 300	800 000	-
Ombygging flytting Fredly	191 837	613 520	2 500 000	-
Helseheimen ny varelevering	1 009 930	1 010 000	-	937 540
Gateljos nye energivenlege ljoskildar	3 660 175	3 585 400	2 987 500	3 629 705
Sal Leirmoskogen	13 125			
T O T A L T	18 084 122	17 974 922	18 859 900	11657881

Økonomiske oversikter

Oversikt - balanse	Regnskap 2019	Regnskap 2018
EIENDELER		
Anleggsmidler (Note 4,13)	799 331 791	791 203 499
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	415 605 429	423 614 932
Uttstyr, maskiner og transportmidler	4 416 965	5 352 409
Utlån	43 468 428	44 883 613
Aksjer og andeler (Note 5,6)	13 648 327	12 934 421
Pensjonsmidler (Note 3)	322 192 643	304 418 125
Omløpsmidler (Note 1)	125 079 663	121 060 503
Herav:		
Kortsiktige fordringer (Note 17)	28 527 466	26 641 034
Premieavvik (Note 3)	6 413 908	4 178 427
Kasse, postgiro, bankinnskudd	90 138 290	90 241 042
SUM EIENDELER	924 411 455	912 264 003
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	266 523 260	277 156 269
Herav:		
Disposisjonsfond (Note 10)	31 370 256	26 222 529
Bundne driftsfond (Note 10, 14)	41 544 075	42 210 101
Ubundne investeringsfond (Note 10)	4 256 951	4 256 951
Bundne investeringsfond (Note 10)	5 288 192	3 579 750
Regnskapsmessig mindreforbruk	2 271 880	3 256 426
Kapitalkonto (Note 12)	185 139 279	200 977 886
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	-369 896	-369 896
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-2 977 477	-2 977 477
Langsiktig gjeld	618 932 160	594 093 178
Herav:		
Pensjonsforpliktelser (Note 3)	365 822 796	345 722 097
Andre lån (Note 7)	253 109 364	248 371 081
Kortsiktig gjeld (Note 1)	38 956 035	41 014 555
Herav:		
Annен kortsiktig gjeld	38 956 035	41 014 555
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	924 411 455	912 264 003

MEMORIAKONTI			
Memoriakonto		7 948 359	7 038 792
Herav:			
Ubrukte lånemidler		4 740 474	3 868 391
Andre memoriakonti		3 207 885	3 170 401
Motkonto for memoriakontiene		-7 948 359	-7 038 792

Anskaffelse og anvendelse av midler

	Regnskap	Reg. buds-jett	Oppr.buds-jett	Regnskap i fjor
Anskaffelse av midler				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	248 005 547	237 172 795	233 137 004	248 367 302
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	5 083 788	3 580 642	3 983 500	17 112 687
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	23 440 970	23 114 443	24 471 563	32 663 433
Sum anskaffelse av midler	276 530 305	263 867 880	261 592 067	298 143 422
Anvendelse av midler				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	237 734 546	230 458 869	224 025 607	234 462 920
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	18 084 121	17 974 922	18 859 900	42 206 316
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	15 506 040	14 548 906	14 635 000	14 765 715
Sum anvendelse av midler	271 324 708	262 982 697	257 520 507	291 434 952
Anskaffelse - anvendelse av midler	5 205 597	885 183	4 071 560	6 708 470
Endring i ubrukte lånemidler	872 083	0	0	1 701 814
Endring i arbeidskapital	6 077 680	885 183	4 071 560	8 410 284

Avsetninger og bruk av avsetninger				
Avsetninger	18 216 804	12 379 390	9 363 924	16 860 763
Bruk av avsetninger	13 011 206	11 495 118	5 293 275	10 152 293
Netto avsetninger	5 205 597	884 272	4 070 649	6 708 470
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	16 391 178	14 113 166	14 113 166	15 187 391
Interne utgifter mv	16 391 178	14 113 166	14 113 166	15 187 391
Netto interne overføringer	0	0	0	0

Oversikt endring arbeidskapital

	Regnskap 2019	Regnskap 2018
Omløpsmidler:		
Endring betalingsmidler	-102 753	4 450 489
Endring kortsiktige fordringer	1 886 432	3 633 062
Endring premieavvik	2 235 481	1 313 827
ENDRING OMLØPSMIDLER (A)	4 019 160	9 397 378
Kortsiktig gjeld:		
Endring kortsiktig gjeld (B)	2 058 520	-987 094
ENDRING ARBEIDSKAPITAL (A-B)	6 077 680	8 410 284



Støttefunksjonen

Kva gjer støttefunksjonen?

Støttefunksjonen skal yte service og leiarstøtte overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har og oppgåver som er retta mot innbyggjarane i kommunen.

Kva skjedde i 2019?

2 tilsette sa opp sine stillingar frå september, og det vart ikkje rekruttert inn i stillingane på det tidspunktet. I tillegg starta det opp 2 vikarar i andre stillingar både fullt og delvis. Dette har ført til at dei tilsette som er att på avdelinga har teke ekstra oppgåver og ansvar for ei periode, noko som igjen har ført til at andre oppgåver har vore lagt på vent. Dette har gjeve ringverknader ut i organisasjonen gjennom at støttefunksjonen har hatt mindre kapasitet til å drive brukar- og leiarstøtte slik støttefunksjonen skal og ynskjer. Det vart òg hausten 2019 leid inn ekstern konsulent for å gjennomføre budsjettprosessen saman med støttefunksjonen som ein konsekvens av at det ikkje var rekruttert inn i stillingar etter oppseiingar.

ISY PROAKTIV:

- Nytt system knytt til eigarskifte av bustader og egedomsregister frå matrikkelen som forenklar rutinar og samarbeid med MTN
- Har vore brukt eitt år med god erfaring
- Det har vore teke i bruk sms-varsling på avlesing av vassmålarstand
- Slam-registrering er lagt på vent og vil bli vurdert framover

PROCASSO:

- Fyrste året med nytt system på innfordring og vi er godt i gang
- Det har vore mykje utfordringar knytt til systemet

Mål for framtida

Vi vil ha fokus på dette framover:

- Vidareutvikling av kompetanse innan både fag og system i støttefunksjonen
- Arbeide vidare med automatisering og endring av arbeidsoppgåver i avdelinga

Støttefunksjonen har hatt ansvaret for disse oppgåvene:

- IT/IKT
- Personalavdeling
- HMT - kvalitetssystem
- Økonomi
- Innkjøp

EFAKTURA:

- Det har vore meir bruk av efaktura frå brukarane våre
- Fleire leverandørar nyttar EHF-faktura, noko som gjer tidsbruken meir effektiv

PERSONVERNOMBOD:

- Frå desember 2019 er dette ei teneste vi no kjøper av Lesja kommune etter oppseiing frå tilsett som hadde denne funksjonen

KOMMUNALE BUSTADER:

- Mange av våre kommunale bustader er bygd med finansiering frå Husbanken og er dermed knytt til særskilte grupper av brukarar. Fleire av bebruarane i desse bustadane har i løpet av året flytta, noko som har gjort at dei har vore ubudde nokre månader
- Det har òg vore eit stort etterslep på vedlikehald av desse, men noko har vore utført hausten 2019
- Ferdigstilling av 3 leilegheiter knytt til enkelte brukargrupper



Kva gjer SIK?

Dette tenesteområdet omfattar servicetorg, Lom folkebibliotek, Utgard fleirbrukskus, kulturforvaltning og informasjon.

Servicetorget

Servicetorget ligg i inngangsområdet på kommunehuset Midtgard og har ansvar for publikumsbetjening over skranke, sentralbord, post og arkivfunksjonen, politisk sekretariat, sals- og skjenkeløyver i tillegg til ein rekke andre oppgåver. Beredskapskoordinatoren sit på servicetorget og har ansvar for koordineringa og oppfølginga av det overordna beredskapsarbeidet i kommunen.

Kulturforvaltning

Det ligg til kulturkonsulenten sitt ansvarsområde å

handsame søknader til kommunale kultur- og idrettsmidlar og speleemidlar. Vidare skal kulturkonsulenten arbeide aktivt ut mot lag og organisasjonar for å styrke samarbeidet mellom kommune og friviljug sektor. Kommunen har også ansvar for fleire kulturarrangement som Lomsfest, 17. mai og julegrantenning.

Informasjon

Informasjonskonsulenten har det operative ansvaret for informasjons- og kommunikasjonsarbeidet i kommunen. I dette ligg å drifte og oppdatere kommune si nettside og info-skjermar og leggje ut og fylge opp innlegg på sosiale mediar. Vidare produserer kommune ein del trykt informasjonsmateriell. Informasjonskonsulenten har også ei sentral rolle i beredskapsarbeidet til kommune.

Kva skjedde i 2019?

- Lomsfest gjekk av stabelen for tredje gong 17.-20. oktober 2019, og har blitt eit årleg arrangement tredje helga i oktober. I fire dagar var Lom sentrum fylt av aktivitetar og underhaldning, og tilslutninga frå både arrangørar og publikum av stor. Samarbeidet mellom friviljug sektor, næringsliv og kommunen har stort potensiale og gjev håp om at Lomsfest kan bli ein særeigen festival for Lom som appelerar til både til lokalbefolking og tilreisande.

- I 2019 var det kommune- og fylkestingsval i Noreg. I Lom var det valting både sundag 8. og måndag 9. september. Valdeltakinga var på 63,98% og valresultatet gav fylgjande samesetninga av kommunestyret: Senterpartiet 7, Lomslista 4, Arbeiderpartiet 4 og Bygdalista 2.

Mål for framtida

Korleis kan kommunen legge til rette slik at det blir attraktivt å bu i Lom? Det er ikkje tvil om at arbeidsplassar er det som drar folk til bygda, men gode kulturtilbod og ein open og inkluderande friviljug sektor er kanskje det som får folk til å bli. Lom kommune har mål om å styrke samarbeidet med friviljug sektor i åra framover for å skape eit levande og inkluderande lokalmiljø.

Lom kommune har ambisiøse mål når det gjeld å utvikle nye digitale tenester. Denne utviklinga byr også på utfordringar når det gjeld digitalt utanforskap. For at alle skal ha moglegheit til å bli reelle digitale innbyggjarar vil kommunen i samarbeid med friviljugsentralen fortsette arbeidet med digihjelp-tilbod.

Kva gjer Lom folkebibliotek?

Hovudoppgåver, ansvar, mål

Lom folkebibliotek stiller bøker og andre publikasjoner og medium til disposisjon for lånarane og driv utlån og aktiv formidling. Biblioteket tilbyr arrangement og kulturopplevingar som passar for ulike aldrar og interesser. Biblioteket skal skape trivsel slik at det er ein god stad å vera. Bibliotekgjestane skal kjenne seg verdsette og velkomne.

Lom folkebibliotek driv bibliotekutvikling. Dette skjer blant anna gjennom prosjekt som biblioteket deltek i. I 2019 initierte og gjennomførte biblioteket prosjektet «Klar ein klassikar» eller Klassikar-prosjektet som 64 andre bibliotek også vart med i.

Målsetjinga er å tilby og gjera kjend gjennom aktiv formidling det mangfaldet som finst innan litteratur, hjelpe brukarane å finne den litteraturen dei etterspør eller som kan passe den einskilde lånaren. Målet er å ligge på topp i fylket når det gjeld utlån per innbyggjar og vera blant dei



beste i fylket når det gjeld bibliotekbesøk. Det er også ei målsetting å halde oppe den høge aktiviteten biblioteket har drive.

Det er eit ynskje at tilboda og tenestene som biblioteket tilbyr skal vera eller bli relevante for flest mogleg av innbyggjarane i kommunen. Biblioteket skal inspirere til lesing og læring.

Kva skjedde i 2019?

Aktiv formidling og formidlings oppdrag

Biblioteket vart igjen inviterte til Trondheim folkebibliotek til bokpresentasjon av årets bøker 2018. Biblioteket fekk same oppdrag for Oppland fylkesbibliotek og presenterte Årets bøker for bibliotekarane i Oppland. I tillegg var det oppdrag på Dombås med teikneserieformidling, og presentasjon av dei nye klassikarane for elevar på Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avd. Dombås. Det var også bibliotekturne knytt til klassikar-prosjektet der biblioteka på Dombås og Sel vart besøkt. Vidare vart biblioteket engasjert av Oppland fylkesbibliotek til å delta på leselystaksjonen Lesegleider. Saman med Linn T. Sunne, besøkte biblioteket i Lom biblioteka på Lesja, i Vågå og Skjåk og presenterte eit utval av årets bøker. I tillegg til dette vart det gjennomført 17 bokpresentasjonar for grunnskuleelevarne.

Klassikar-prosjektet

2019 var i stor grad prega av Klassikar-prosjektet som vart sett i gang i 2017. Da fekk kommunen 50 000 kr i støtte til prosjektet frå Stiftelsen Fritt Ord. Fire av våre fremste litteraturkritikarar vart engasjert til å bli med i prosjektet og kåre dei 25 beste skjønnlitterære bøkene utgjeve i Noreg i 2013-2017. Dette var eit veldig bra prosjekt som fleire bibliotek kunne ha nytte og glede av å vera med på, så i 2018 skreiv biblioteket nye søknadar for å få støtte til profesjonell utforming av design og profilermateriell til prosjektet.

Da dette var klart, vart alle folkebibliotek i landet invitert til å bli med og profilere nye klassikarar, klassikarar for

framtida i Bokåret 2019. 65 bibliotek frå rundt om i heile landet vart med. Det seier vi oss svært tilfredse med. Dei fekk plakatar og bokmerke og hadde utstillingar, lesetevlingar og arrangement knytt til Klassikar-prosjektet. Dette vart ei fin marknadsføring av Lom og Lom folkebibliotek.

Prosjektet gjekk over heile året med presentasjon av ei og ei av bøkene på ei eiga nettside og i biblioteka. Våre eigne lånarar vart også ivrig på å lesa dei nye klassikarane og mange vart med. Eit par av lånarane våre las alle 25. Klassikar-prosjektet vart avslutta på BrimiBue med "stinn brakke" og sjølvaste Edvard Hoem til stades. Dette prosjektet står som eitt av dei aller mest vellykka vi biblioteket har gjennomført nokon gong.

Arrangement

I 2019 kom vi biblioteket for alvor i gang med Litterær lunsj. Målet er å gjennomføre dette nokså greie og lettvinde arrangementet ein fredag i dugurdsleitet kvar månad. Til vanleg er det tre bibliotekarar som les tre korte tekster medan tilhøyrarane et lunsj og kosar seg. Iblast er det også hatt forfattarbesøk og bokpresentasjonar på lunsjane. Det har vore bestilt mat frå Bygdekvinnelaget eller på slutten av året, frå kjøkkenet på Lom helseheim. Dette har vore svært vellykka samankomster med god mat og trivnad. Dette har vi biblioteket lyst til å fortsetja med.

Blant arrangement elles var det forfattarbesøk av Jan Ove Ekeberg som avslutning på Vinterles 2018/2019 og

Fakta

Sigmund Løvåsen vitja oss under Diktardagar. Syver Olstad hadde konsert for barn og det var vellykkja avslutning på Sommarles med Plutselig Sirkus.

Sigmund Løvåsen vitja oss under Diktardagar. Syver Olstad hadde konsert for barn og det var vellykkja avslutning på Sommarles med Plutselig Sirkus.
hadde konsert for barn og vi hadde vellykkja avslutning på Sommarles med Plutselig Sirkus.

Tilsette

Stillingsressursen for Lom folkebibliotek for 2019 er på 2,1 årsverk. Frå 1. oktober inngjekk Lom kommune avtale med Skjåk kommune om kjøp av biblioteksjefteneste tilsvarende ei 50% stilling.

Bibliotekleiar har sidan 1. oktober vore biblioteksjef i 50% stilling både ved Lom folkebibliotek og Skjåk folkebibliotek. Dette er ei prøveordning og avtalen varar fram til 31.08.2020.

Økonomi

Rekneskapstal for samla utgifter og inntekter for 2019 er på 1 408 099 kr mot budsjettet 1 428 463 kr. Det betyr eit overskot på 20 364 kr. Overskotet skuldast mellom anna refusjon frå Skjåk kommune for kjøp av 50% biblioteksjefteneste frå 1. oktober og inntekter frå andre kommunar og fylkeskommunar for sal av formidlingstenester.

Statistikk

Utlån og besøk

Utlån av bøker syner ei auke på 6,5% frå 2018 til 2019. I 2018 var talet på fyrstegongslån og fornyingar 15474. Tilsvarende tal for 2019 er 16588.

Utlån av skjønnlitteratur for barn har auka frå 6751 utlån i 2018 til 7329 utlån i 2019, ein auke på heile 8,5%. Totalt har utlån av bøker til barn auka med 8,2% frå 2018 til 2019.

For vaksne har også utlånet av bøker auka med 6% frå 2018 til 2019. I 2018 lånte vi ut 7285 bøker. I 2019 hadde vi 7725 utlån og fornyingar.

Dette er gledelege tal for biblioteket i ei tid da papirbøker og lesing ligg i hard konkurranse med smarttelefonar og andre medium. Biblioteket Vi har drive aktiv formidling overfor elevar i grunnskulen i fleire år etter retningslinene i Leseplan for Lom. I 2019 vart det gjennomført 17 bokpratar for 1.-10. klasse.

Auken i utlån av bøker til vaksne kan skuldast fleire tiltak i 2019. Klassikar-prosjektet fekk stor merksemd både i Lom og i resten av landet. Heile 65 bibliotek var med i prosjektet. Leselystaksjonen Vinterles har vore populær dei siste åra. Dei litterære lunsjane og dei andre arrangementa, trekkjer mange til biblioteket. Gamle og nye lånarar kjem innom og låner kanskje med seg ei bok eller to og

blir minna om å bruke biblioteket. Klassikar-prosjektet, formidling, leselystaksjonar, generelt høg aktivitet og utoverretta verksemd, kan vera forklaringar på at utlånet av bøker til vaksne har auka.

Utlån av andre medium som lydbøker, film og musikk går ned. Dette følgjer ein nasjonal og internasjonal trend der internett og strøymetenester tek over trykte kjelder og for fysiske format. Lydbøkene i fysisk format gjekk også ut av produksjon i fjor. Per i dag er ikkje gode ordningar komne på plass for utlån av e-lydbøker i biblioteka, og lånarane har berre eit svært avgrensa utval tilgjengeleg. Biblioteket ventar på at avtaler mellom bibliotek og forlag skal gå i orden og sikre lånarane god tilgang på e-lydbøker.

Det totale utlånet har auka frå 19601 utlån i 2018 til 20609 utlån i 2019. Det er ein auke på 5%. Dette er tenesta svært tilfredse med

Mål for framtida

Biblioteket ynskjer å halde oppe den høge aktiviteten vår når det gjeld arrangement og formidling til skuleelevar, at biblioteket skal vera ein attraktiv møteplass og by på vera relevante tenester og tilbod til innbyggjarane i kommunen. Biblioteket ynskjer å utvikle biblioteket vidare gjennom å søkje eksterne middel og delta i prosjekt. Vi har sidan 2017 kompensert for reduserte økonomiske rammar, med å selja

formidlingstenester, men det er ein svært krevjande måte å drive bibliotek på som fører med seg mykje arbeid på fritida med lesing og førebuingar for dei tilsette.

Utgard

2019 har vore eit normalt driftsår for Utgard.

Totalt var det 6008 som besøkte kulturarrangement med billettsal i 2019. Dette er inkludert kino som utgjer om lag 50% av besøkstalla. Dette er slik tenesta har sett er tilnærma likt frå år til år. I år som alle andre år etter opninga av Utgard så toppar kommunen statistikken med besøk for Bygdakinoen, det er stas! Det har vore 74 arrangement inkludert kino med sal av billettar. Skuleavslutningar, miljøkveldar for lag og organisasjonar kjem i tillegg til desse arrangementa med billettsal. Det same gjer konferansar og møter. Tenesta opplevde ein sommar sesong i 2019 som var meir aktiv enn normalt, med både arrangement og aktivitet. Det er også fleire konferansar enn tidlegare, og dette er positivt!

Idrettshallen, bassenget og treningsrommet har stabil aktivitet. Idrettshallen er i periodar av året heilt oppteke. Det er ulike friviljuge lag som nyttar hallen på ettermiddag/kveld, og alle vekedagane er fulle frå nyttår til påske. I tillegg er det aktivitet inne i hallen frå påske til mai og frå haustferien til jul, men i desse periodane er det framleis noko ledig kapasitet. Garderobane er i bruk gjennom heile året til fotballkampar og liknande.

På dagtid er det skulane som nyttar halle og bassenget til kroppsøving. I tillegg nyttar skulane seg også av treningsrommet i kroppsøvingstimane i ulike periodar. Barnehagen har i samarbeid med Lom IL nytta bassenget onsdagar etter jul fram til påske for barnehageongane. Det er flere brukarar som tilbyr aktivitet som spinning, aerobic og zumba i periodar av året, og som er ope for alle. Dette er eit fint tilbod. Ein stor takk til dei som tek initiativ og gjennomfører dette.

Alle våre kundar kjøper all treningsadgang online til treningsrommet. Billettane har eit sal på over 90% over nett. Dette er vi svært tilfreds med, både for å vera brukarvennlege og for å spare på ressursar internt.

Oppsummert vart 2019 eit godt år, med god aktivitet.

Til slutt ein STOR TAKK til alle som har brukt Utgard som arena for både store og små arrangement i 2019, alle er like viktige for oss!

**Utgard er for deg,
for
menneskjene i vår
region!**

Velkommen!

www.lom.no



Barnehagane i Lom

Kva gjer barnehagen?

Verdigrunnlag og oppgåver:

Danning , leik, læring og omsorg er sentrale oppgåver for barnehagen. For å løyse oppgåvene på ein god måte må ein ha ein kunnskapsbasert praksis der personalet kan utøve pedagogisk skjønn. Felles visjon for barnehagane i Lom er: SAMAN HER OG NÅ. Det betyr nettopp å utøve pedagogisk skjønn ved å gripe øyeblikket og utnytte dette pedagogisk i leik og læring. På den måten gjev ein rom for spontanitet og utforsking og gjev moglegheit for medverknad. Barn sin rett til medverknad er sterkt framheva i barnehagen sine stytingsdokument. Dette betyr at barn har rett til å delta og påverke eigen barnehagedag.

Nokre kvalitetar er særstakt viktige for barna sine erfaringar og opplevingar. Ikkje minst gjeld det retten til eit inkluderande

barnehagemiljø som fremjar helse og trivsel. For at alle barn skal oppleve dette, er den viktigaste oppgåva for personalet å arbeide for å utvikle gode relasjonar barn-barn, barn-vaksen og vaksen-vaksen.

Det er ynskjeleg med mest mogleg lik praksis i den enkelte barnehage og dei to barnehagane imellom. For at tilsette skal utvikle felles praksis, i samsvar med krav i lov og forskrifter, må barnehagane vektlegge kunnskapsdeling og felles refleksjon. Barnehagane i Lom har i fleire år arbeidd kontinuerleg med kvalitetsutvikling etter ein systematisk metode. Felles fokusområde kvart år, utvikling av felles kvalitetsstandardar og erfaringsdeling er noko av innhaldet i dette arbeidet.

Kva skjedde i 2019?

Høgdepunkt, spanande hendingar, ting ein er nøgd med/stolt av, og omvendt.

Stor nedgang i antal barn frå slutten av barnehageåret 2018-19 til oppstart av barnehageåret 2019-20. Forskjell på 17 barn tilsvarande 30 storbarnsplassar.

Årsak til dette er låge fødselstal og fråflytting. Nedgang i barnetal førte til nedbemanning , og både barnehagelærarar og fagarbeidarar vart overtallige. Nedbemanninga førte til at alle mannlege tilsette i barnehagane vart overtallige.

Etter oppstart av barnehageåret 2019-2022, fekk begge barnehagane nye vedtak om spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging av barnehagetilbodet for enkeltbarn. Desse vedtaka innebar store personalressursar , og det vart naudsynt å ta inn att personal. Dette vart ein krevjande situasjon som førte til uro og usikkerheit på arbeidsplassane.

Barnehagane og skulane i Lom er med i kvalitetsutviklingsarbeidet "Inkluderande barnehage-og skulemiljø" som Utdanningsdirektoratet har ansvar for. Oppstart på dette var vår 2018. Dette arbeidet går over 3 år. I samband med dette har barnehagen ein ressursperson i 20 % stilling.

Barnehagane er også med i satsinga "Si det" , eit samarbeidsprosjekt mellom Dovre , Skjåk og Lom der tema er psykisk helse hos barn og unge. Dette er eit tverrfagleg samarbeid der helsestasjon, barnehage, skule og helse. I denne tverrfaglege gruppa i Lom vart det bestemt at alle tilsette i barnehagane skulle ha kursing i Cos -P i regi av helsejukepleiarane. Dette vart gjennomført med 5 felles personalmøtet hausthalvåret 2019.

På bakgrunn av desse satsingane valde barnehagane å ha psykisk helse og inkluderande barnehagemiljø som fokusområdet barnehageåret 2019-20.

Alle tilsette i barnehagane var i november på ein fagdag med tema mobbing og krenking med Ingrid Lund.

Ny ordning med regional kompetanseheving for barnehagane frå haust 2018. &K samarbeider med Høgskulen i Innlandet. Dette inneber styrarnettverk der fokus er å leie utviklingsarbeid og utvikle ein lærande organisasjon. Barnehagane i Lom brukte ressurspersonane frå Høgskulen på ein felles planleggingsdag for alle tilsette med tema felles verdigrunnlag i juni 2019.

Statistikk

Brukartilfredsheit:

Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking vart gjennomført i begge barnehagar i november 2019. Svarprosent Garmo er 68,8 % og Loar er 75,8. Svarprosent Loar er høgare enn landssnitt og betydeleg høgare enn i fjor , noko som er veldig bra!

Garmo barnehage har ein score på 4,9 (av 5) på resultat noko som er av det aller beste i landet , og Loar har ein score på 4,6 som er over landssnitt. Dette er vi veldig godt nøgde med!

Fakta



Mål for framtida

Oppretthalde dei gode resultata frå foreldreundersøkinga. Heve relasjonskompetansen til dei tilsette , og gjere dei godt rusta til å førebygge, avdekke og handtere mobbing og krenking gjennom arbeidet med “Inkluderande barnehage-

og skolemiljø”
Få ned sjukefråveret hos tilsette for å få ein meir stabil og forutsigbar personalsituasjon. Dette er viktig for kvaliteten i barnehagen og arbeidsmiljøet.

Kommentar til rekneskapen

Mindreforbruk i forhold til budsjett .
På budsjettjustering i juni vart ikkje budsjettet teke nok ned i forhold til det som vart reelt. Største årsaken til det er at

styrar i Garmo barnehage sa opp stillinga si i juli , dette vart løyst utan ny tilsetting .

Kva gjer Loar skule?

Visjonen til Loar skule er:

"Loar skule skal vere ein trygg stad å vera der alle trivst, blir godtekne og respekterte."

Alle elevar skal oppleve eit trygt og godt skolemiljø. I dette ligg alt som skulen skal handle om. Elevane skal lære gjennom å vere aktive, dei skal samhandle på tvers og dei skal med hjelp frå oss vaksne bli klare for livet.

Kva skjedde i 2019?

I 2019 byrja skulen på arbeidet med fagfornying, ny læreplan frå 2020. Skulen arbeidde mykje med overordna del som handlar om verdiar og prinsipp for grunnopplæringa. Denne er viktig for å forstå mandat og for å forstå læreplanen. Overordna del tek for seg verdigrunnlaget i opplæringa, prinsipp for læring, utvikling og danning, og prinsipp for skulen sin praksis. Det siste handlar om profesjonsfellesskapet i skulen og det er arbeidd mykje med å nærme seg lik praksis dette året. Dette er eit stort utviklingsarbeid som skulen har i tillegg til inkluderande barnehage- og skolemiljø som starta hausten 2018. Både to handlar om elevane sitt skolemiljø, sett frå fleire sider.


Skulen held fram arbeidet med §9a, elevane sitt psykososiale skolemiljø, og dette er eit arbeid som må halde fram. Elevane har rett på eit trygt og godt skolemiljø og det er vaksne som har ansvaret for dette.

Helsejukepleiar har vore fast på skulen ein dag i veka som før.

Nytt låsesystem vart vedteken i budsjettet for 2020. Skulen har hatt besøk frå FRISK HMS som har sett på kontora. Det er tront om plassen, men det er urealistisk å tenkje utbygging her. Difor må ein gjere ting på andre måtar. Rapport frå FRISK HMS tek for seg enkle grep skulen kan gjere for at arbeidssituasjonen å kontora kan betre seg; til dømes korleis ljuset skal vere på ein arbeidsplass, korleis stol og pult skal vere samstemde i høgd og ikkje minst korleis ein har det rundt seg på arbeidsplassen.

Skulane i Lom starta på eit arbeid med pedagogisk bruk av IKT i skulen som skal ha ut på anbodskonkurranse i 2020.

Skulen synte nok ein gong gode resultat på nasjonale prøver. Ein ser resultata over tid og kan seie at det er ein god skule i Lom. Elevane ligg godt over snittet i alle fag og nesten ingen er på lågaste nivå. I tillegg til gode resultat må skulen kontinuerleg arbeide for elevane sitt psykososiale skolemiljø for at dei skal lære best mogleg.



Kommentar til rekneskapen

Det er ingen avvik på økonomien, trass i høg vikarbruk. Skulen hadde mykje fråvær hausten 2019 i samband med

prosessen med ny læreplan, samt fleire andre samlingar knytt til satsingsområda.

Mål for framtida

- Mål for 2020 er lik som for 2019. Mykje av det vi ein treng for kommande år, er det skulen arbeider med. Det psykososiale miljøet for elevane, prate om praksisen og vidareutvikle den til det beste for elevane og skulen må arbeide for at elevane kan lære om livet; gjera dei robuste til å takle livet som kjem.
- Det er eit mål at skulen får nytt låsesystem i løpet av 2020 og at ein får til ei avtale med eit firma som kan hjelpe med pedagogisk bruk av IKT i skulen.
- Det er behov for større/endra møterom og skulen treng andre løysingar for lager. Dette er noko ein må sjå på kommande år.
- FAU er svært aktive i arbeidet med å gjera skulemiljøet til elevane godt og trygt. No arbeider dei for å at skulen skal få fleire nye leikeapparat, noko tilsette og elevar er svært glade for. Skulen er heilt avhengige av eit godt foreldresamarbeid, og det er noko ein har hatt i Lom i mange år.



Lom ungdomsskule

Kva gjer Lom ungdomsskule?

Lom ungdomsskule skal vera ein god stad å vera. «Skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.» «Elevens beste skal alltid være et grunnleggende hensyn.» Dette er henta frå Opplæringsloven og Overordnet del i Kunnskapsløftet, men det er også det som skulen arbeider etter.

Læreplanane i skulen vert fornya for å gjera dei meir relevante for framtida. Dette vert kalla Fagfornyinga. Elevane skal få meir tid til djubdelæring og sjå større samanheng mellom faga. Dei ulike delane i læreplanverket skal henge betre saman. I 2019 blei det arbeidd godt med å bli kjend med den nye overordna delen til dei nye læreplanane. Sjølv grunnmuren og verdigrunnlaget for opplæringa er menneskeverdet, identitet og kulturelt mangfald, kritisk tenking og etisk medvit, skaparglede, engasjement og utforskarkrong, respekt for naturen og miljømedvit og dessutan demokrati og medverknad. Prinsipp for læring, utvikling og danning hos elevane er sosial læring og utvikling, kompetanse i faga, grunnleggjande ferdigheter og å lære å lære, samt tverrfaglige tema. Det er samfunnsaktuelle tema som skal prioriterast i alle fag der det er relevant; folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap i tillegg til berekraftig utvikling. Andre prinsipp for skulen sin praksis er eit inkluderande læringsmiljø, undervisning til tilpassa opplæring, samarbeid mellom heim og skule, og dessutan profesjonsfellesskap og skuleutvikling der lærarar og leiarar reflekterer over felles verdiar og vurderer og vidareutviklar sin praksis.

Nye læreplanar krev ny kompetanse hos lærarane. Det er også eit krav om ny kompetanse som eit resultat av endringar i Opplæringslova § 9A som seier at «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». Dette har vore i fokus i heile 2019. Skulen har arbeidd med bevisstgjering av alle

Fakta

Skulen gjekk med eit overskot i 2019. Hovudårsaka til dette er sjukepengerefusjonar, høgare statelege tilskot for flyktningar og for lærarar som tek utdanning enn det skulen hadde rekna med, i tillegg til eit generelt mindreforbruk. Elevundersøkinga for heile skulen ga gode resultat. Elevane er særleg n med støtte frå lærarane (betre enn i fjor og i



Lom ungdomsskule skal vera ein god stad å vera.

«Skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.»

«Elevens beste skal alltid være et grunnleggende hensyn.»

Dette er henta frå overordnet del i Kunnskapsløftet og Opplæringsloven, men det er også det som vi arbeider etter på skulen hjå oss.



tilsette, og inn mot elevar og føresette i møter og diverse samarbeidsorgan. Det er også eigne ressurspersonar på området. Ein kan aldri seie at nå er det psykososiale miljøet godt nok. Dette er noko personalet må arbeide med og arbeider med heile tida. Elevstemmekjem fram gjennom elevsamtal, elevrådet, elevundersøkinga, og bruk av Spekter. Når skulen finn noko som ikkje er bra, blir ikkje arbeidet avslutta før elevane opplever skulemiljøet som trygt og godt igjen.

Dette arbeidet har vi skulen klare rutinar for og vil halde fram med fokus på eit trygt og godt skulemiljø dei neste åra også. Lom ungdomsskule har utarbeidd sin eigen plan for dette arbeidet. Lom kommune er i den forbindelse med i den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage og skulemiljø» og eit prosjekt som heiter «Sei det».

forhold til resten av fylket). Det same gjeld arbeidsforhold, vurdering og læring. Det var også eit gledelege resultat da elevane tykkjer dei har eit trygt skulemiljø. Yrkes- og utdanningsveiledninga skårar elevane også høgt. Når det gjeld digitale ferdighetar har skulen noko å gå på.

Kva skjedde i 2019?

Skulen har mange tradisjonar ein er stolt av. Det gjeld mellom anna aktivitetar i form av alternative skuledagar som er med på å skape eit gagns menneske ut av kvar elev, men som også gjev godt fagleg læringsutbytte. Skulen har bondebryllaup, lyrikkveld, juleverkstad og juleball, overnattingstur i nærmiljøet, leirkuleopphold ved Bjørnsund og tur til Oslo, aktivitetsdagar med orientering, bandy, friidrett og ski, forutan besøk til Eidefoss, Energisenteret og Trafikksikkerhetssenteret. Brannvesenet og politiet har vore på besøk på skulen.

- Alle lærarane har deltatt i fagnettverk i forbindelse med Fagfornyelsen
- Skulen har vore med i eit prosjekt som heiter “Inkluderande barnehage- og skolemiljø”, der dei fremste forskarane i landet deltek
- Inneverande skuleår er det to lærarar som tek vidareutdanning, ein i engelsk og ein i programmering

Mål for framtida

- Fortsette arbeide mot ein meir praktisk og variert undervisning
- Leggje til rette for at skulen skal vera rettferdig, noko som medfører at vi ein somme gonger må gjera forskjell på elevar
- Fortsette å fokusere på eit trygt og godt skolemiljø
- Vidareutdanne lærarar for å sikre korrekt formell kompetanse, for å møte Kunnskapsløftet 2020 og styrke kompetanse i å skape eit godt skolemiljø
- Digitalisere i tråd med kommunale planar og sentrale krav
- Sikre skulen med eit nytt låsesystem da bygningane blir brukt av mange aktørar utanfor, noko som ligg i budsjettet for 2020
- Sikre nok ressursar til skulen for å dekkje behov for tilpassa opplæring



Kva gjer pleie og omsorg?

Sektoren skal sørge for at personar som bur og oppheld seg i kommunen får forsvarlege helse – og omsorgstenester. BEON-prinsippet ligg til grunn for tildeling av tenester, jf. «Omsorgsplan for Lom kommune 2011-2020» og «Kvalitetsstandardar for tildeling av tenester i pleie og omsorg, Lom kommune». Det skal vera samsvar mellom pasienten sine behov og nivået på tenestetilbodet. Til grunn for all tenestetildeling, ligg individuell kartlegging og tverrfagleg vurdering. Tildelingskontoret for Lom og Skjåk utfører sakshandsaming og fattar einskildvedtak i samråd med tenestene.

Lom helseheim skal yte heildøgns pleie og omsorg ved langtids-, korttids-, rehabiliterings- eller avlastningsopphold. Under opphaldet, får pasientane tilbod om legetilsyn, tannlegetilsyn, aktivisering og sosiale- og kulturelle arrangement. Pasient- og institusjonsklede vert vaska ved Lom vaskeri. Institusjonen har eige kjøken som lagar mat til pasientar i institusjonen og til heimebuande som har vedtak om matombringning. Kjøkenet har noko levering av mat til private arrangement.

Miljøarbeidartenestene skal sørge for at personar

Kva skjedde i 2019?

Tenesteområdet har fokus på omstilling av sektoren med målsetjing om å dreie frå institusjonsbasert teneste til heimebaserte tenester. Nålauga for å bli tildelt tenester skal vera trøngt. Dette for å skape berekraftige tenester for framtida

Institusjonen

Vedteken strategi for bruken av sjukeheimspllassar, er å stramme inn nålauga for tildeling av opphold. For å oppnå budsjettbalanse i 2019, vart det vedteke å forsera utbyggings-/ombyggingsplanane for Lom helseheim og flytte skjerma avdeling til noverande avdeling 2, med effekt frå 01.04.2019. Ved å gjennomføre dette, vil ein kunne kutte ein nattevaksressurs ved institusjonen. For å frigjera avdeling 2 til ombygging, vart pasientane i avdeling 2 (8 plassar) flytta over til nedlagt avdeling, avdeling 3 (7 plassar) i mars (institusjonskapasiteten vart difor redusert med ein plass). Grunna diverse omstende, vart ikkje ombygginga av avdeling 2 gjennomført i 2019.

Det har gjennom året ikkje vore press på institusjonspllassar. Gjennomsnittleg har det vore 5 ledige plassar i 2019. Ut frå liggedøgnstatistikk, ser vi at bistandsbehovet til pasientane i institusjonen er omfattande. Dette er i trå med målsetjinga.

som oppheld seg i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester som helsetenester i heimen, personleg assistanse, praktisk bistand og opplæring, individuell plan, omsorgsløn, støttekontakt og avlastningstiltak til personar og familiar med særleg tyngjande omsorgsarbeid. Tenesta har til tillegg ansvar for Lom Arbeidssenter som gjev arbeids- og aktivitetstilbod til menneske med ulike bistandsbehov.

Heimetenestene (heimesjukepleia og heimehjelpene) skal bidra til at eldre og personar med funksjonssvikt kan få bu og virke i eigen heim så lenge det er fagleg forsvarleg. Heimetenestene gjev tilbod om helsehjelp og praktisk hjelp i heimen i tillegg til avlastningstilbod, dagsentertilbod for heimebuande personar med demenssjukdom, tilbod om kvardagsrehabilitering, tryggleiksalarm, multidose, multidosedispenser og matombringning. Heimetenestene tilbyr tenester frå lokal kreftkontakt og demenskoordinator.

Pleie- og omsorgssektoren har undervisning/opplæring for elevar, studentar og lærlingar som har praksis i sektoren.

* BEON-prinsippet :Effektivitet er knytt til prinsippet om beste effektive omsorgsnivå Det mest effektive nivået skal stå for førebygging, omsorg og handsaming av sjukdom.

Våren 2019 vart det gjennomført tilsyn på Lom helseheim etter forskrift om miljøretta helsevern. Tilsynet avdekte ikkje tilhøve som ga avvik. Tilsynet hadde 3 merknadar, men påpeikte at desse ikkje var brot på regelverk.

Matgledekorpsset besøkte PO to gonger. Matgledekorpsset er eit pilotprosjekt i regi av fylkesmannen i Innlandet og Landbruks- og matdepartementet for å hjelpe institusjonar med å strekkje seg litt ekstra for sine spisegjestar.

Matgledekorpsset gav rettleiing, råd og inspirasjon. Det vart gjennomført fleire vellukka endringstiltak i pleie – og omsorgssektoren med omsyn til mat, måltid og ernæring. Personalet i heimetenestene, institusjonen og kjøkenet opplevde at dei gjennom prosessen kommuniserte betre og fekk eit betre samarbeidsklima. Kjøkenet differensierte tilbodet til dei som ynskjer matombringning ved å tilby små/halve porsjonar. Dette førte raskt til fleire bestillingar og meir tilfredse kundar. Kjøkenpersonalet utvikla eige skjema som heimetenetsa tek med ut til dei som skal ha matombringning slik at tilbodet blir individuelt tilpassa. Heimetenestene har hatt stort fokus på kartlegging av ernæringsstatus. Institusjonen har jobba med ro og atmosfære rundt måltida, gjennomførte stille rapport midt

på dagen og medisinutdeling er flytta bort frå måltidet der det er mogleg. Kjøkenet ved Lom helseheim oppretta eigen instagramkonto (følg oss gjerne der!). Og sjå gjerne innslaget frå siste besøket til Matgledekorpsen i september ved å følgje denne linken:
<https://www.facebook.com/fylkesmanneninnlandet/videos/479327582618907/>

Den gamle kjøla på kjøkenet rauk sist sommar og det vart investert i ny fryse.

I samband med kronprinsparet sitt fylkesbesøk i september, fekk PO besøk av kronprins Haakon. Han fekk ei orientering om motiviewsyklane og han fekk helse på ein av syklistane som deltok i sykkel-VM. Han fekk ei orientering frå kjøkenet om vårt fokus på mat og måltid og han vart servert mat og kaffe. Dei friviljuge knytt til friviljugsentralen og Lom helselag var til stades under besøket. To friviljuge pynta til besøket kom, og to friviljuge sykla kronprinsen i Rickshawsykkelen vår ned til Loar. Kronprinsen fekk overlevert ei korg med artiklar produsert ved Lom Arbeidssenter. Mange pasientar og tilsette fekk helse på kronprinsen vår og alle sette stor pris på at han ville besøke pleie og omsorg!

Institusjonen treng nytt pasientvarslingsanlegg. Eksisterande anlegg er gamalt og det kan ikkje lenger skaffast reservedelar. Det var gjennomført marknadsdialogar i februar, men heile innkjøpsprosessen vart skrinlagt i påvente av at det skulle kome på plass ei regional velferdsteknologiplattform i løpet av 2019, noko det dessverre ikkje gjorde.

Heimesjukepleia

Det har vore høgt fokus på fagutvikling dette året. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn i juni. Temaet for tilsynet var om Lom kommune sikra forsvarleg legemiddelhandtering i heimetenesta, om Lom kommune sikra forsvarleg vurdering, kartlegging og oppfølging av pasientane sin ernæringssituasjon, inkludert munnhygiene. Tilsynet vart avgrensa mot helsepersonellet si sjølvstendige plikt til forsvarleg yrkesutøving. Det vart ikkje avdekt lovbro.

Evondos medisindispenserar er implementert og 9 av 10 er i bruk. Dette er sjølv sagt ikkje statisk, men varierar med pasientbehov. Gjev gevinst i form av fleksibilitet gjennom arbeidsdagen og pasienttryggleik.

Strategien for heimesjukepleia er å få fleire pasientar med middels/stort og omfattande bistandsbehov til å vere heime og å redusere gruppa med noko/avgrensa bistandsbehov. IPLOS-sumrapportar viser at ein er på rett veg. Framover må det vere større fokus på å redusere vedtak i høve praktisk bistand til gruppene med noko/avgrensa bistandsbehov og middels/stort bistandsbehov.

Kvardagsrehabilitering

I løpet av 2019 fekk fire pasientar tildelt kvardagsrehabilitering etter kartlegging frå kvardagsrehabiliteringsteamet. Alle pasientane som fekk tildelt kvardagsrehabilitering gjennomførte 4-6 veker med intensiv trening fem dagar i veka, saman med heimetrenar eller fysioterapeut. Etter gjennomført kvardagsrehabilitering hadde dei auka funksjonsnivå målt mot sine eigne mål i kvardagen (PSFS) og i fysisk funksjonsnivå (SPPB).

Kompetanseheving: Lillian Lundeby frå fagakademiet vart leigd inn for å halde eit dagskurs innan kvardagsrehabilitering og samtaleteknikk. Kurset vart gjennomført 4 juni, på storstugu ved Lom Helseheim. Alle som jobbar med kvardagsrehabilitering i 6 k vart invitert. Det kom kvardagsrehabiliteringsteam frå Lesja, Dovre, Sel, Skjåk og Lom. Det var mange gode attendemeldingar etter kurset.

Rehabilitering

Statistikk rehabilitering Lom Helseheim: Det vart registrert rehabiliteringsopphald ved LHH med totalt 247 liggedøgn i løpet av 2019. Korttidsopphald er ikkje inkludert i desse tala.

Statistikk NGLMS: Det er registrert 116 døgn i løpet av 2019. Opphalda her er ikkje differensiert, og statistikken inkludera alle typer korttidsopphald. Ein del døgn ved NGLMS er rehabiliteringsopphald.

Rebiliteringsplan: I starten av 2019 vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide rehabiliteringsplan for Lom kommune. I løpet av 2019 utarbeidde arbeidsgruppa Plan for habilitering og rehabilitering 2019-2023 for Lom kommune. Denne vart politisk godkjent rett før året var omme. Det vart brukt mykje tid og ressursar på planen i løpet av året. Under utarbeiding av planen har det vore tett med ergoterapeut, sjukeheimslege, kommunalege 1, miljøarbeidartenesta og tildelingskontoret.

Aktive Saman Lom: Det vart søkt på tilskott gjennom tilskottssordning i Helsedirektoratet - Aktivitetstiltak for å motverke einsamheit og passivitet. Det vart innvilga 90 600 kroner til Aktive Saman Lom. Aktive Saman Lom er eit helsefremjande, førebyggande og lågterskel tilbod til gruppa 67+. Tilboden har vore populært med godt oppmøte vår og haust. Det har vore lågterskel utandørsaktivitet i Presthaugen leia av fysioterapeut og avslutta med eit gratis måltid i fellesskap på storstugu, Lom helseheim. Det har også vore føredrag innan ulike tema. Oppslutninga og attendemeldingane har vore så bra, at ordninga og resterande tilskott for 2019 blir overført til /vidareført i 2020.

Andre kurs og kompetansehevingstiltak gjennomført i 2019:

- Rehabiliteringsdag for alle, 11.02
- Rehabiliteringsutvalet SI, 13.03
- Rehabiliteringskonferansen 2019, 27.05
- Rehabiliteringsforum SI, 14.11
- Demensdagane, 03.12

Demenskoordinator/demensteam

Demenskoordinator/demensteam har følgt opp personar med kjent demensdiagnose i høve retesting x 2/år, i tillegg til samtalar med pårørande.

Det har vore gjennomført fleire fyrstegongs utgreiingar, nokre også med retesting. Det har så vidt vore gjennomført testar i høve førarkortattest. Demenskoordinator har gjennomført undervisning om demens på fagmøte i miljøarbeidartenesta og om verjeordninga på fagmøter ved Lom helseheim.

Kommunal kreftkontakt

Kommunal kreftkontakt har hatt oppfølging av pasientar før, under og etter behandling, og har hatt oppfølging av pårørande. Kommunal kreftkontakt har hatt kontaktmed palliativt team på SIL og har delteke via videokonferanse i palliasjonsforum for kollegaer x 1 pr. månad. Kommunal kreftkontakt har hatt kurs om fatigue for pasientar og pårørande. Dette var i samarbeid mellom kreftforeininga (Pusterommet på Gjøvik) og kreftkontaktane i Lom, Sel og Vågå. Kursdagane var på LMS (kurs over to dagar). Kommunal kreftkontakt har samarbeidsmøter med kreftkontaktane i Sel og Vågå. Lom er med i stråleterapiprosjektet, som einaste kommune i Norddalen. Sel og Vågå er med som kontrollkommunar. Dei får derfor ikkje vera med på kursdagane og VK-undervisninga slik som Lom får. Dette er svært nyttige og lærerike dagar!

Brannprosjektet

Heimesjukepleia har jobba med å implementere brannrisikovurdering av risikoutsette grupper, jf. brannprosjektet som starta i 2018. Tilsette har gjennom prosjektpersonen hatt opplæring i brannrisikovurdering og det er utarbeidd ein systematikk i høve dette arbeidet. Det er i 2019 montert 21 brannmeldarar, 1 vasståkeanlegg og 15 komfyrvakter i heimane hjå brannrisikoutsette grupper. Erfaringane tilseier at brannrisikovurderinga er noko ufullstendig, da helsepersonell berre sjekkar rom der pasient/bukar oppheld seg og ikkje heile huset.

Miljøarbeidartenesta

Einskildvedtak har utløyst ressursbehov som har kravd meir personell. Det har vore brukta mykje ressursar på turnusarbeid for å gje tilpassa tilbod. Tenesta har starta opp med langyakter på helg. Ordninga har gjeve gode erfaringar. Det er stort press på tenesta. Ein kritisk faktor i tenesta er tilgangen til omsorgsbustadar. Det vil bli avgjerande for ei driftseffektiv og berekraftig teneste at ein har nok tilrettelagde omsorgsbustadar på området nær lokala til miljøarbeidartenesta.

Tenesta har fokus på velferdsteknologi og nyttar dette i aukande grad.

Fylkesmannen gjennomførte i haust tilsyn i høve til vedtak om bruk av tvang og makt etter helse- og omsorgstenesteloven kap. 9. Tenesta fekk ikkje avvik.

Arbeidssenter

Har tilbod 3 dagar pr. veke. Dette er ein viktig tilrettelagt arbeidsplass som gjev ein meiningsfull kvardag med utfordringar og meistring. Det vert produsert varer for sal. Mange nye produkt har kome til i sortimentet siste år.

Aktivitetar

Som fylge av ressurstilgang, er det utfordrande å leggje til rette for gode og tilpassa fritidsaktivitetar.

OMHU

Miljøarbeidartenesta har vore pilotkommune for OMHU i 2019. Det har vore 2 fellessamlingar med OMHU og alle pilotane. 3 tilsette fra Lom deltok på desse samlingane. Utanom desse samlingane har det vore 2 fysiske møter, og mange telefonmøter mellom Lom kommune og OMHU.

Gjennom å få vera pilotkommune, har vi fått vore med å forme programmet og påverka sluttresultatet. Vi opplever at vår kompetanse, erfaring og spesielle ønskjer har vorte høyrt.

Pilotprosjektperioda er no slutt, men OMHU er under stadig utvikling.

Pr i dag kjøper vi 1 lisens og nyttar OMHU som dokumentasjonssystem hjå ein brukar.

Vår erfaring er at OMHU har mange moglegheiter som Profil ikkje har, og er langt betre tilpassa målretta miljøarbeid enn Profil. Men, det er og områder der Profil framleis er betre enn OMHU. Det skal etter planen koma ny versjon av OMHU i løpet av våren. Vi har avventa kjøp av fleire lisensar til vi får sett den nye versjonen og kva moglegheitar den har.

Felles for PO

Tidelte tenester institusjon og NGLMS i 2019

Institusjon

- 41 Avlastningsopphald (25/2018)
- 38 Korttidsopphald (43/2018)
- 21 Akuttinnleggingar fra legevakt (6/2018)
- 14 Korttidsopphald LMS (11/2018)
- 15 Rehabiliteringsopphald (9/2018)
- 31 Langtidsopphald (36/2018)

Fordeling av liggedøgn NGLMS:

- 116 (179/2018) Intermediærsganger LMS
- 35 (27/2018) Øyeblinkleg hjelpe – KAD senger LMS

Tidelingskontoret har handsama 397 (427/2018) saker for Lom i 2019.

Sjukefråver

For pleie- og omsorgstenesta er det totale sjukefråveret i 2019 vore 7,7 % som er høgare enn målet på 5,6 %. Det er vel å merke seg at siste halvåret av 2019 jamt over hadde lågare fråversprosent enn første halvår. I oktober var sjukefråværsprosenten heilt nede på 4,8 %. Sjukefråveret svingar gjennom året og årsakene varierer. Sjukefråværsårsaker kan til dømes vere planlagde inngrep, sjukdom, skadar, akutte tilstandar/hendingar m.m. Få sjukemeldingar har direkte årsak i arbeidet.

Kompetanse- og innovasjonsmidlar

Vi søkte kompetanse- og innovasjonsmidlar hjå fylkesmannen og fekk mellom anna tilskott i høve pilotprosjektet Omhu(dokumentasjonssystem) der miljørbeidartenesta deltek. Vidare fekk vi tilskott i høve vidareutdanningar(ikkje nytta), utarbeiding av rehabiliteringsplan og til materiell i høve studieringar innan velferdsteknologiens ABC. 16 tilsette frå PO deltek i desse studieringane.

Elevar, studentar, lærlingar

To tilsette har gjennomført og bestått fagprøva i helsefagarbeidarfaget dette året og tenesteområdet har hatt tre helsefagarbeidarlærlingar. Elevar og studentar har også hatt praksis i tenesta.

Lomsfest

I samband med Lomsfesten i oktober, tok pleie og omsorg initiativ til at Evondos (medisindispenserar) og Pensjonistforbundet hadde stand på Bergom for å informere om velferdsteknologi. Tone Bye hadde føredrag på storstugu om "Jakten på det digge livet – Løser velferdsteknologi fremtidens utfordringer? ". Dette var eit ope møte. Tone Bye ga gode innspel gjennom føredraget sitt. Innspelet om tidleg innsatsteam og verdien eit slik team kan ha, danna grunnlaget for ein ny søknad om tilskott til fylkesmannen.

Og vi kommunen fekk tilskott til prosjekt for å etablere eit tidleg innsatsteam i kommunen! Dette, i samarbeid med helse og velferd.

Elektronisk låsesystem

I februar vart det montert elektronisk låsesystem på utdører på Lom helseheim og på dørene til medisinromma i institusjonen og heimesjukepleia. Dette er pasienttryggleikstiltak og tryggleikstiltak for tilsette.

Influensavaksinering av tilsette

57 tilsette i PO tok influensavaksine hausten 2019.

HMS

Det har gjennomført 2 brannøvingar (vår og haust), 1 felles pårørandemøte institusjon, kurs i forflytningsteknikk og kurs i haldingar og kvardagskultur.

Økonomi

Sektoren har hatt stort fokus på innsparing, mellom anna gjennom å redusere utgiftene til innleie utover bemanningsplanen ved fråver. Det har vore stort fokus på sambruk av personell internt i sektoren ved ledig kapasitet.

Internkontroll

Sektoren driv kontinuerleg og systematisk kvalitetsarbeid og har stort fokus på internkontroll.

Tenestemottakarar fordelt etter bistandsbehov pr. 31.12.2019 ved institusjonen

	Noko/avgrensa	Middels/Stort	Omfattande	Ikkje oppgjeve	Totalt
TOTALT	0	1	21	0	22

Tenestemottakarar fordelt etter bistandsbehov pr. 01.01.2019 i heimetenesta (heimesjukepleie og praktisk bistand)

	Noko/avgrensa	Middels/Stort	Omfattande	Ikkje oppgjeve	Totalt
TOTALT	48	45	13	2	106

Tenestemottakarar fordelt etter bistandsbehov pr. 31.12.2019 i heimetenesta (heimesjukepleie og praktisk bistand)

	Noko/avgrensa	Middels/Stort	Omfattande	Ikkje oppgjeve	Totalt
TOTALT	39	56	15	4	114

Liggedøgnsstatistikk Lom helseheim 01.01.2019-31.12.2019:

Avdeling	Sengepostar	Liggedøgnskapasitet	Tal liggedøgn	Belegg (%)	Ledig(%)
Avdeling 2	0	0	563	0	0
Avdeling 1	9	3285	3155	96,04	3,96
Skjerma avdeling	9	3285	2303	70,11	29,89
Avdeling 4	8	2920	2865	98,12	1,88
NGLMS	1	365	143	39,18	60,82
Totalt for utvalet	34	12410	10378	83,63	16,37

Tildelte tenester i 2019

Institusjon

- 41 Avlastningsopphald (25/2018)
- 38 Korttidsopphald (43/2018)
- 21 Akuttinnleggingar frå legevakt (6/2018)
- 14 Korttidsopphald LMS (11/2018)
- 15 Rehabiliteringsopphald (9/2018)
- 31 Langtidsopphald (36/2018)

Fordeling av liggedøgn NGLMS:

- 116 (179/2018) Intermediærsganger LMS
- 35 (27/2018) Øyeblinkkeleg hjelp – KAD senger LMS

Tildelingskontoret har handsama 397 (427/2018) saker for Lom i 2019.

Økonomi

Sett heile tenesteområdet under eitt, har sektoren eit mindreforbruk på om lag 1 024 000 kr. Sektoren var pålagt eit kutt på 3 % av opprinnelig budsjett i 2019, tilsvarende 1,6 mill. Budsjettetramma til PO vart auka med 1 million etter budsjettjusteringssak i juni som skuldast at vedtaket om ombygging til ny skjerma avdeling og reduksjon av nattevaktsressurs ikkje var effektuert grunna urealistisk tidsramme.

Liten tilgang til kvalifiserte ferievikarar, gjorde at vi tenesta måtte bruke vikarbyrå under sommarferieavviklinga. Dette bidrog til auka utgifter både i heimesjukepleia og institusjonen. Liten tilgang til vikarar gjer at det er store utgifter i høve overtidsbruk.

Det er ei auke i inntekter som skuldast refusjonar.

Institusjonskjøkenet hadde eit overforbruk som i all hovudsak skuldast at frysja måtte skiftast ut.

Miljøarbeidartenesta har hatt eit meirforbruk grunna einskildvedtak.

Det er eit mindreforbruk på utgifter til støttekontaktar. Dette kan skuldast at det er vanskeleg å rekruttere støttekontaktar og/eller at tildelte timer ikkje blir nytta.

Utgiftene til regional kreftkoordinator er redusert grunna sjukefråver.

Mål for framtida

Vi vil framleis ha høgt fokus på omstillingssprosessen vi starta opp med i 2015.

Fokus i 2020:

1. Auke dagsentertilbodet for heimebuande personar med demenssjukedom med ein dag, oppstart i februar 2020
2. Gjennomføre ombygging av ny skjerma avdeling med ny sansehage, montere branntavle i Kroken omsorgsbustadar og redusere med ein nattevaktsressurs i institusjonen innan 010920
3. Etablere tidleg innsatsteam frå 010920, jf. eige prosjekt med oppstart i februar 2020
4. Tilsette ergoterapeut (i samarbeid med hele og velferd- delar av stillinga er omstilt aktivitørressurs), våren 2020
5. Utvikle fritidstilbodet til brukarane i miljøarbeidartenesta, søke prosjektmidlar
6. Fokusere på kompetansehevingstiltak "tidleg oppdaging av forverra tilstand" i samarbeid med USHT
7. Bidra i arbeidet med ny omsorgsplan og demensplan for Lom kommune
8. Revidere kvalitetsstandardane for tildeling av pleie og omsorgstenester
9. Kjøpe inn nytt pasientvarslingsanlegg og implementere relevant velferdsteknologi
10. Arbeide med rekruttering til vikariat og ledige stillingar. Dette er utfordrande og gjev bekymring.
11. Innføre langvakter på helg i heimesjukepleia
12. Halde fram med å ha stort fokus på primæroppgåver og å halde god kvalitet på tenestene våre gjennom kompetanseheving, fokus på internkontroll og HMS, og god budsjettstyring.

Lom og Skjåk tildelingskontor

Lom og Skjåk tildelingskontor (TD) v/leiar Inger helene Brandsar

TD vart plassert organisatorisk hjå kommunalsjef for helse og omsorg i 2019. Det har tidlegare vore organisert under kommunedirektøren, derunder assisterande rådmann. Det er 2,5 årsverk knytt til kontoret. Deira oppgåver er mellom anna å fatte vedtak ut i frå Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, gjeva rettleiing til innbyggjarane/ tenesteytarane i høve saksbehandling, vere koordinerande eining i høve til pasientflyt, oppfølging av ansvar med Individuell plan/ ansvarsgrupper, saksbehandle søknadar om parkeringsbevis/ ledsagerbevis og lage vedtak om eigenbetaling ved institusjon. TD har mynde til å avtale korttidsophphald ved Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter, Otta (NGLMS), og oppfølging av opphald der. TD tek i vare rolla som sikkerheitsleiar i Skjåk kommune(GDPR) og er superbrukar av kvalitetssystemet Compilo. Som følgje av vår rolle som koordinerande eining er vi og ansvarlege for opplæring og organisering i både Lom

og Skjåk av det nye verktyet for Individuell Plan som heiter SamPro. Dette innførast i 2020.

I 2019 har kontoret vore bemanna med avdelingsleiar i 100% stilling, saksbehandlar i vikariat i 80% stilling og saksbehandlar i 70% stilling. I tillegg har deler av tenestene ved kontoret vore frikjøpt slik at kompetansen har vore nytta inn som regional prosjektleiar for velferdsteknologi og som prosjektleier for innovasjonsprosjektet i bufellesskapet i Skjåk. Kontoret har vore fullt bemanna med unntak av november og desember, da vi mangla saksbehandlar-ressurs i totalt 50% stilling. Det har ikkje vore overskriding av budsjettet i denne eininga. Saksbehandlarar har delteke på samlingar i regi av fylkesmannen som gjeld relevant informasjon. Ei saksbehandlar var på kurs i velferdsteknologi. TD har gjeve kurs i Koordinatorhandboka for IP og ansvarsgrupper, og har tilpassa Koordinatorhandboka til lokale forhold. TD har sakshandsama 397 sakar i 2019 for Lom kommune.

Kva gjer miljø, teknisk, næring?

Hovudoppgåver, ansvar, målsetjing

MTN (Miljø, teknisk, næring) har ansvar for planarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, tekniske tenester innan veg, vatn, avlaup og renosjon, vaktmesterteneste, reinhald, byggesakshandsaming, kart- og geodataforvaltning, generell beredskap og førebygging mot naturskade og ulykker.

Tenesteområdet MTN er prega av eit godt tverrfagleg samarbeid. Dei ulike fagområda har til saman ei fagleg breidde som gjer det mogleg å oppfylle målsettingane om eit godt tenestetilbod knytt til ressursforvaltning i ein liten kommune.

Administrasjonssjefen har vore konstituert leiar av MTN fram til han vart tilsett som kommunaldirektør i Sel kommune 1. januar 2020.

421 Kommunalteknikk/VA

Drift:

Drift og vedlikehald av kommunale vegar har i 2019 eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr 290 000. Dette skuldast i hovudsak at budsjettet ikkje har vore auka på mange år og dermed ikkje følgjer med prisregulering i kontrakt med entreprenør. Dersom standard på drift og vedlikehald ikkje blir redusert vil det enkelte år bli meirforbruk som følgje av hendingar og omfang med vinterdrift.

Som grunnlag for gebyr bla. VAR området ble det i 2019 etablert ny sjølvkostmodell.

Dette for å få betre kvalitet på berekningar samt tilfredsstille alle krav i ny sjølvkostforskrift gjeldande frå 01.01.2020.

Investeringar- utbygging:

Tiltak for økt trafiksikkerhet i Brubakken DEL 2 frå Loar barnehage til kryss fylkesvegen er ferdigstilt. Budsjett for tiltaket var 1,4 mill. kr.

Regnskapet viser at det er brukt 1,23 mill. kr. Tiltaket er dekt med 50 % via eksterne FTU midlar – det vil da si at vi fekk om lag 0,62 mill. kr i tilskot i 2019.

Det er utført legging av asfalt ved Fossbergom RA samt på tilkomstveg.

Det er montert nye UV anlegg for desinfeksjon av drikkevatn ved Lom og Leirmo vassverk.

Sikringstiltak Ulstad som er utført i regi av NVE er ferdigstilt i 2019.

422 Kommunale bygg

Kommunale bygg, investeringar:

I investeringsbudsjettet var det planlagt å etablere ladepunkt for el.bilar. Dette tiltaket vart utsett til 2020 for å vera i posisjon til å søkje om midlar gjennom Klimasats – støtte til klimasatsing i kommunane.

sikkerheitsforskrifta. Som ein fylgje av dette vart det mellom anna montert komfyrvakter i omsorgsbustader og kommunale utlegebustader.

Det er gjennomført tilsyn ved fleire av dei kommunale bygga. Både innan brannvern, brannvarsling, leikeplassutstyr ved skule og barnehagar, m.m.

Energinettverk Nord-Gudbrandsdal 6K vart etablert i 2019, og her er Lom kommune representert. Det blir her arbeid med ENØK innan drift- og vedlikehald.

Mål for framtida:

- Eit aukande vedlikehaldsetterslep gjev eit stort behov for kommande investeringar og rehabiliteringar av den kommunale bygningsmassa.
- Det skal arbeidast vidare med å utvikle bruken av internkontrollsystemet IK Bygg i 2020 på fleire områder. ENØK vil også bli eit viktig område i åra som kjem.

Tiltaket som omhandlar solskjerming på Lom helseheim, prioritert i AMU, har vorte gjennomført som planlagt.

Kommunale bygg, drift:

I 2019 måtte det utførast ein del ekstraordinært vedlikehald ved fleire av dei kommunale utlegeboligane. Dette førte til meirforbruk i forhold til opprinnelige budsjett.

Ei prosjektgruppe fekk i oppgåve å vurdere "Sikkerheitsforskrift P854 kommunale utlegebustadar" og korleis kommunen skal imøtekoma denne nye

423 Oppmåling

2019 var eit relativt roleg år på oppmålingssida. Berre to nye eigedommar vart oppretta, og tre har vorte større ved arealoverføring. Det blei oppretta fem nye festeeigedommar, og det har vore gjort tre grensejusteringar. I tillegg har det gått med mykje ressursar på rettleiing i høve både desse sakane og anna sakar knytt til området.

Det var i 2019 gjort sjølvkostkalkyle på dette ansvarsområdet, noko som førte til ein del endringar i prisstrukturen så prisane er meir tilpassa dagens situasjon med arbeidsomfang, kostnad og teknologi. Dei mest vesentlege endringane går ut på at det er billigare enn før med frådeling av store areal og med arealoverføring, noko som tidlegare har vore uhensiktsmessig høgt prisa. Det er og billigare å gjera endring av registrert festar, og det er sett fast låg pris – og fjerna sakshandsamingsgebyr – på opprettning av areal som skal nyttas som dyrka mark eller beite, begge delar for å leggja til rette for vidareutvikling av landbruksnæringa.

Laserscanningsprosjektet som var starta på i 2017 vart avslutta i 2019, og laserdata med ei tettheit på 5 punkt/m²

for utvalde områdar vart både levert for nedlasting gjennom Norge Digitalt og tilgjengeleggjort i kartverkets løysing www.hoydedata.no.

Det vart i 2019 lagt ned mykje arbeid i høve regionreformen, både lokalt og i geodatasamarbeidet. Mange feil i matrikkel og grunnbok vart retta. Mange fagsystem og mange datasett måtte endras for å tilpassas nytt kommunenummer. Ved utgangen av året var alle system og data klargjort for nytt kommunenummer, og arbeidet som var gjort gjorde at overgangen stor sett var problemfri.

50 % av stillinga på dette området er seld ut til Geodatasamarbeidet i Nord-Gudbrandsdalen, noko som fører til både høgare kompetanse og inntekt for Lom kommune. Arbeidet i geodatasamarbeidet går i hovudsak ut på å vedlikehalde og vidareutvikle data og fagsystem knytt til GIS og geodata, kompetanseutvikling for alle som arbeider med GIS og geodata i regionen, og support og tilrettelegging så arbeidskvardagen skal bli betre for alle som jobbar med stadfesta informasjon.

424 Byggesak

Talet på mottekne og handsama søknadar er redusert i forhold til førra år. Spørsmål og veiledning i samband med førebuing av tiltak er stabilt, samt for tiltak som er unntake av byggesakshandsaming.

Omfang av byggesøknadar er på 91 sakar i Lom, av desse er det 32 eitt trinns søknadar og 2 rammesøknadar. For omfang av byggesakar er alle søknadstypar medrekna. Dette er ein reduksjon på 33 i forhold til førra år. I 2019 er det ikkje søkt om eller gjeve løyve til oppføring av bustadhus.

430 Plan og miljø

Felleskontor for plan, byggesak og miljø for Lom og Skjåk vart etablert 1. mars 2019. Dette er eit vertskommunesamarbeid med Skjåk, og med Lom som vertskommune. Plandelen har vore ubemanna av ulike årsaker.

Flaumen i oktober 2018 skapte mykje meiarbeid utover vinteren og våren 2019, først og fremst i samband med kartlegging av glasopor-forureining langs Ottaelva og koordinering av opprydding. Sjølve oppryddingsaksjonen vart gjennomført i regi av Fylkesmannen i Innlandet i to periodar, før vårflaumen og hausten 2019. Felleskontoret har arbeidd med oppgåver knytt til NVE sine krisetiltaksplaner i Skjåk og for Åmodtsøye i Skjåk, og med bistand til flaumførebygging for fleire privatpersonar. I tillegg vart det nye planleggingsoppgåver knytt til mellombels sikring av Bismo og søknad til NVE om bistand til å gjennomføre permanente sikringstiltak langs elveløpet her.

Som følge av situasjonen etter flaumen har arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel i Skjåk blitt prioritert i 2019. Revisjon av kommunedelplan for Fossbergom

og rullering av kommuneplanens arealdel har derfor hatt mindre framdrift enn planlagt.

Tilsett i Lom har vore leiar for fagrådet i GIS-samarbeidet for N-Gudbrandsdal i 2019.

Søknadar om dispensasjon for motorferdsel i utmark: 12 stk i Lom.

Mottekne planinitiativ/ oppstartsmøte for private reguleringsplanar: 1 stk (i Lom).

Søknader om dispensasjon frå arealplan: 9 stk (i Lom).

Mål for 2020

Endeleg behandling av kommunedelplanen for Fossbergom etter 3. gongs offentleg ettersyn. Offentleg ettersyn og endeleg behandling av kommuneplanens arealdel for Skjåk. Prioritere arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel for Lom, med høyring 2. halvår 2020.

405/440 Nærings- og landbruk

Landbrukskontoret har vore felles for Lom og Skjåk i 2019. Det går mellom 80 og 90 mill. kr. i overføringer til landbruket gjennom kontoret. Det er i dag til saman 3 årsverk fordelt på 5 personar innan jordbruk. På anna næring har Lom ein person i 100% stilling, fordelt på 60% som næringssjef og 40 % som landsbykoordinator. Ottadalen har felles skogbruksjef i 100%.

Landbrukskontoret har i 2019 handsama to søknadar om tilleggsnæringer til gardsbruk i Lom. Det har vore bra aktivitet med fjøsbygging, både nybygg og ombygging i eksisterande fjøs i både Lom og Skjåk. Det er fleire unge folk som satsar i landbruket. Det er godt samarbeid mellom Innovasjon Norge, Sparebank 1 Lom og Skjåk og næring / landbrukskontoret. Det har totalt vore 12 lovsaker etter jord og konsesjonsloven.

Det vart i Lom i 2019 sleppt 6876 sauar/lam, og 1015 storfe på utmarksbeite. I tap på utmarksbeite vart det 201 sau/lam og 1 storfe.

Prosjektet "Laus ku og framtidstru"

Landbrukskontoret starta opp prosjektet "Laus ku og framtidstru" der fekk tenesta vel kr 400 000.- i tilskot frå fylkesmannen, medan Lom og Skjåk kommune løyvd ca. kr. 50 000.- kvar. Prosjektet går ut på å motivere folk i Lom og Skjåk til å fortsetta å satse på jordbruket med storfe og mjølk. Eit av tiltaka i prosjektet er å gje gardbrukarane bistand i planlegging av å imøtekome lausdriftskravet som kjem i 2034. Det vert via prosjektet ytt ei rådgjevingspakke på 10 timer med rådgjeving i form av byggløysingar, økonomisk planlegging eller andre tilbod ved behov til kvar brukar. Det er i skrivande stund 30 gardbrukarar som har meldt seg på prosjektet.

Prosjektet er eit samarbeid med Landbrukskontoret i Lom og Skjåk, Tine, NLR, Kluge Agri, Fylkesmannen, Bondelaget i Lom og Skjåk og Bonde og småbrukarlaget i Lom og Skjåk.

Skogbruk

- Det er i Lom avverka 1 926 m³ tømmer i 2019
- Det er planta 14 340 plantar med skog
- Det er gjort markberedning på 46 daa.
- Det er føreteke ungskogpleie på 75 daa skog
- I 2019 er det løyvd kr 76 520,- til avverkingstilskot frå næringsfondet

Lom nasjonalparklandsby

Lom nasjonalparklandsby søkte og fekk tildelt kr. 100 000 i tilskot i 2019. Det vart gjennomført bli-kjent tur for sumartilsette, infrastrukturtiltak og kurs i videoredigering for næringsslivet.

Resten av tiltaka vart utsett til 2020 pga. redusert bemanning. Les meir her: <https://www.lom.kommune.no/om-lom/lom-nasjonalparklandsby/tiltaksplanar/status-for-lom-nasjonalparklandsby-i-2019.32865.aspx>

Næringsfond, arrangement m.m.

Løyvingar frå næringsfondet utanom landbruket gjekk til m.a. Visit Jotunheimen, juridisk bistand til alpinanlegg i Bøverdalens, breibandsutbygging og Lev i Lom. Det vart gitt bedriftsutviklingstilskot til Dalom AS, samt til arrangement i skuldersesongane som Lomsløftet og Bonden, kokken og reiselivet. Det var tildelt omlag kr. 594 000 i enkeltløyvingar frå næringsfondet og 3,2 millionar i løyvingar gjennom budsjettet.

Det vart tildelt to næringstromter i industriområdet, til Gravferdstenesta Lom og Skjåk og Ruler AS.

Vågå og Lom kommune har samarbeidd om å arrangere møteplassar for næringsslivet. I 2019 vart det gjennomført ein næringspub og ein innovasjonsdag, samt "Go Global" for reiselivet. Det vart også arrangert ein elevbedriftsdag i lag med Ungt entreprenørskap, ungdomsskulen og banken, samt programmet "Vårt lokalsamfunn" for 4. klasse. 6K næring var også vertskap for ei nettverkssamling for heile verkemiddelapparatet i Oppland. Det har også vore gjennomført diverse bedriftsbesøk og arrangement som Lomsfest og "Jul i Lom" i samarbeid med fleire.

Mål for framtida:

Fleire bedriftsbesøk og møteplassar, tettare kontakt med næringsslivet. Oppdatere planverk / handlingsplan for næringsutvikling. Smartare samarbeid på tvers av kommunegrenser for å stimulere til fleire arbeidsplassar og innbyggjarar.



Helse og velferd

Kva gjer helse og velferd?

Etter helse- og omsorgsloven:

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne (Jfr. helse- og omsorgsloven § 3-1).

Etter Folkehelseloven:

Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivnad, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemeldar kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting. Kommunen skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivaretake av andre myndigheiter og verksemder. Medverknad skal skje blant anna gjennom råd, uttaler,

samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med friviljug sektor (Jfr. Folkehelseloven § 4).

Det er etablert følgjande tenester i Lom kommune for å ivareta desse oppgåvene/ansvaret:

Legeteneste, legevakt (regional med base på NGLMS, Otta), helsestasjon både for barn og ungdom/skulehelseteneste i grunnskulen og vidaregåande skule, svangerskapsomsorg/jordmor, jordmorvakt (regional med base på NGLMS, Otta), fysioterapi- og ergoterapitester, psykisk helseteneste (felles med Skjåk) og interkommunal kommunepsykolog (felles med Skjåk og Vågå). Flyktningtenesta ligg også under helse- og velferd. Sel kommune er vertskommune for barnevern og Skjåk kommune for Nav, men budsjettmessig ligg desse tenestene under helse- og velferd.

Kva skjedde i 2019?

Legetenesta

Det er fire heimlar for lege. Kommuneoverlege er snart spesialist i allmennmedisin, og er medisinsk faglegrådgjevar for administrasjonssjefen med ansvar for blant anna beredskap og smittevern. Kommuneoverlege har 3 ½ dag i veka som fastlege med refusjon frå Helfo.

Fastlege som er tilsynslege ved Lom Helseheim er spesialist i allmennmedisin. Funksjonen som tilsynslege utgjer 10 timer pr veke. Resterande del av denne heimelen utgjer 3 ½ dag i veka som fastlege med refusjon frå Helfo.

Fastlege med ansvar for helsestasjon og skulehelseteneste er også spesialist i allmennmedisin. Denne heimelen er ei 90% fastløna stilling der Helforefusjon går til kommunen. Funksjonen med ansvar for helsestasjon og skulehelseteneste utgjer 3 timer pr veke.

LIS-1 lege (tidlegare turnuskandidat) har pasientar 4 ½ dag i veka og er tilsett med fastløn i 100% tidsavgrensa stilling. Helforefusjonar går til kommunen. Alle fire legane deltek

solidarisk i vaktordninga for region 6 K på Otta.

Fast legevikar er spesialist i allmennmedisin og samfunnsmedisin, og vikarierar ved ferie/ anna fråvær for fastlegane og kommuneoverlegen. Helforefusjonar går til kommunen og arbeidet blir fakturert med honnorar. Legane får støtte frå 3 sekretærar som deler 2,6 stillingar. Trass i auke på 0,2 stillingar er det framleis stort press på sekretærene. Dei har stort trykk av pasientar frå telefon og på laboratoriet, og har tatt over fleire oppgåver frå heimesjukepleia, til dømes med sår og injeksjonar. I tillegg er sekretärsida aktive i arbeidet med kvalitetskontroll og dokumentasjon. Spesialsjukepleiar har ansvar for kvalitetsarbeidet med utvikling av prosedyrar og instrukser for legetenesta.

Legedekninga har vore god i 2019. Permisjonar er dekte av kvalifiserte vikarar og påverka ikkje kapasiteten i høve til samfunnsmedisin eller kurativ medisin. Gjennom året har tenesta hatt gode LIS-1 legar som har hatt bra kapasitet. Det er ikkje særleg ventetid for legetime. Tidvis kan det vere

litt tid å vente om ein vil til sin eigen fastlege.

Allment har året vist at arbeidstilhøva er betre ved at det er stedeleg leiar i det daglege. Det er viktig at tenesta har leiar på huset, og at ein ikkje mister dette i tida framover trass i at det trengst støtte til strategisk arbeid i kommunaleiinga.

Helsestasjon og skulehelseteneste

- Tittel helseyster vart endra til helsejukepleiar frå 01.2019.
- Fødselstalet i 2019 var 12 fødslar, i kullet flytta 1 barn.
- Gjev tilbod om barselgruppe til alle foreldre med nyfødte barn, i tverrfagleg samarbeid med jordmor og fysioterapeut.
- Gjev tilbod om fyrstehjelpskurs til alle foreldre med nyfødte barn, innleid kursleiar som er sjukepleiar med kompetanse innan fyrstehjelp.
- Gjev tilbod om Babysong for alder 2 – 8 mnd. 1 gong i året, samarbeid med Skjåk helsestasjon, Skjåk kulturskule og Lom Friviljugsentral. For få påmeldte til å gjennomføre tilboden i 2019.
- Cos-P er eit førebyggjande foreldreveiledningsprogram, tenesta gjev gruppetilbod med kurs x 2 i året. I tillegg individuelt til foreldre.
- Skulehelsetenesta (i alle steg) har pågang i oppfylgjing av barn og unge med psykiske utfordringar. Tenesta sit ofte med utfordrande saker som vi treng veiledning på frå kommunepsykolog og 2. linjetenesta/ BUP.
- BUP (Barne- og Ungdomspsykiatrien): utarbeidd ny samarbeidsavtale gjeldande frå vår 2019.
- Tverrfagleg ressursgruppe etablert vår 2019, leiande helsejukepleiar er koordinator i gruppa.
- Vaksinering mot sesong influensa: pr. 02.2020 er 268 vaksinerte, det er ei lita auke frå året før både blant helsepersonell og befolkning i kommunen.
- Felles prosedyrer/ Internkontroll og kvalitetssikring helsestasjon- og skulehelseteneste og jordmorteneste i 6 K, blir revidert x 1 i året (nov./ des.).
- Nytt elektronisk fagjournal system Infodoc Plenario for 2 år sidan har ført til meirarbeid for tenesta slik som i 2018. Det er oppdaga konverteringsvanskar der m.a tidlegare vaksiner ikkje er konvertert over og sendt til sentralt vaksineregister. Statistisk har det ført til feil tal/ lågare grad av vaksinasjonsdekning, tenesta må bruke ekstra tid på opprydding. Positivt ved nytt fagsystem er elektronisk korrespondanse mellom m.a sjukehuset innlandet og helse.
- Leiande helsejukepleiar sa opp 17 % stilling som helserådgjevar ved NG vgs avd. Lom frå 08.2019. Det er tilsett ny helserådgjevar i same stilling.
- Prosjektmidlar 2019: Innvilga søknad om prosjektmidlar frå Helsedirektoratet til styrking av helsejukepleiarstilling med 50 % i helsestasjon- og skulehelsetenesta. Søkte om overføring av ubrukte midlar frå 2018, innvilga til å løne 30 % helsejukepleiarstilling til 04.2019. Prosjektmidlar har gjort tenesta meire tilgjengeleg for brukarane på alle nivå, og tenesta har meire ressursar til å fylgje opp brukarane. Utvida tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule. Utvida tilbod om kurs i COS-P for tilsett i

barnehage og skule, barnehagen gjennomførte kurset i haust. Prosjekt gjeld for ei tidsavgrensa periode, noko som gjer det vanskeleg for tenesta å planlegge vidareføring av gode eksisterande tiltak.

- Budsjett- prosess hausten 2019: Tenesta har i fleire år peikt på behovet for fleire ressursar, i tråd med regjeringa sitt forslag til prioriteringar i statsbudsjettet.

Svangerskapsomsorg

Oppfølging av gravide og deira familie i barseltid. Målet er at alle skal ha ei lett tilgjengeleg teneste når det er behov. Nasjonale retnings linjer blir fylgt i svangerskaps - og barselomsorg. Jmf tidleg heimebesøk.

12 fødde born er lågt fødselstal. Jordmor hadde 21 nye i 2019, nokre frå andre kommunar og nokre har flytta frå kommunen. Da det likevel vart ledig tid, har jordmor hatt ansvar for regional jordmorvakt.

Målet for framtida er å oppretthalde ei trygg teneste for brukarane. Dette skjer best når tenesta fortset det gode samarbeidet med andre, både i eiga kommune og i nabokommunar.

Fysioterapi- og ergoterapitenesta

Fysioterapi:

Lom Fysioterapi har i 2019 hatt oppfølging av 323 pasientar totalt. Fordelt på 191 kvinner (59%) og 132 menn (41%). Aldersfordeling på pasientane var i 2019: 0-19 år: 13%, 20-69 år: 61%, 70+ år: 26% Pasientane fordelt etter kommune: Lom – 276, Skjåk – 31, Vågå – 1, Sel – 1, Oslo – 1, Ikkje registrert – 13.

Dette er ei auke på totalt antall pasientar frå fjoråret. Det er også ei auke i pasientar frå Skjåk.

53 pasientar (16,5%) har i løpet av 2019 mottatt behandling i gruppe. Gruppetilboden har bestått av: Rygggruppe, bassenggruppe i samarbeid med fysioterapitenesta i Skjåk, grovmotorisk gruppe for barneskulen på Utgardfleirbrukshus, stoltrim på LHH og Aktive Saman Lom.

Førebyggande tiltak: Aktive Saman Lom, Informasjon til barselgrupper, 4 månadskontroll og 4 årstest av alle ungar. Fysioterapitenesta vart frå 01.01.19 annleis organisert:

- Ein fysioterapeut vart frå 01.01.19 fast tilsett med 80% driftstilkudd.
 - Ein fysioterapeut fekk frå 01.01.19 auka fast stilling frå 50% fast til 100% fast communal fysioterapi stilling.
 - Leiande fysioterapeut hadde frå 01.01.19 ei 60% stilling som tenesteleiar helse og velferd og 40% stilling som leiande fysioterapeut.
 - Stillinga som tenesteleiar helse og velferd vart auka frå 60% til 100% frå 01.07.19. Kommunal fysioterapeut med 100% fast stilling vart da konstituert leiande fysioterapeut ut året.
 - På grunn av nedgang i fysioterapi ressurs frå hausten '19 vart det tilsett ein fysioterapivikar i 60% stilling frå hausten og ut året.
 - Ein fast tilsett fysioterapeut gjekk av med pensjon 31.12.19.
- Ventetida for pasientane i 2019 har vore på eit akseptabelt nivå.

I løpet av 2019 vart det utarbeid ein Plan for habilitering og rehabilitering i Lom kommune

Det vart søkt på tilskot i Helsedirektoratet under

tilskotsordninga "Aktivitetstiltak for å motverke einsamheit og passivitet". Helsedirektoratet innvilga tilskot på inntil 90600,-, og gruppa Aktive Saman Lom vart starta. Gruppa har vore ein suksess med mange deltagarar i målgruppa, det har også vore eit godt samarbeid med Friviljugsentralen i Lom. Tilbodet held fram i 2020.

Det vart gjennomført kompetansehevingskurs

innan kvardagsrehabilitering for 6k region ved LHH. Fagakademiet gjennomførte dagskurs innan kvardagsrehabilitering og samtaleteknikk.

Lom fysioterapi deltok på idrettsmedisinsk høstkongress, som i år var på lillehammer.

Ergoterapi

Det har vore kjøpt 60% ergoterapiteneste frå Skjåk kommune. Skjåk kommune har fordelt stillinga på 40% hjelpemiddel og 20% ergoterapiressurs.

Arbeidsoppgåvene består av kartlegging og tilrettelegging for eit aktivt liv for brukarar, hjelpemiddelhandsaming, kvardagsrehabilitering og syns-/hørselkontakt. Det er rapportert om stor pågang til tenesta.

Ergoterapi er ein viktig ressurs for å nå mål om dreining av tenesteyting i pleie og omsorg frå institusjon til heimebasert omsorg og med tanke på generell førebygging med mål om meistring av eige liv. I 2019 har tenesta ikkje klart å jobbe målretta på dette feltet.

Flyktningteneste

Flyktningtenesta har ansvar for busetjing i høve politiske vedtak. Ansvaret for introduksjonsprogrammet ligg her. Elles er arbeidsoppgåvene mange og varierte, og ein arbeider tverrfagleg som eit kontaktledd mellom flyktningane og andre samarbeidspartar. Målet er å følgje opp kvar einskild flyktning på best mogleg måte.

2019 var eit år prega av stor fråflytting. Pr. 31.12.18 budde det 62 flyktningar i Lom, 31.12.19 var talet 30, derav åtte i introduksjonsprogram. Hovudårsaka var at mange i løpet av året avslutta introduksjonsprogrammet og difor flytta for å gå på skule andre stader. Andre store årsakar er det manglande jobbtilbodet vi har her, som fører til at mange må flytte for å få seg arbeid. Dei som vart busett i 2014 var ferdige med butida si her i Lom i 2019 og sto såleis friare til å flytte. Det vart ikkje busett nokon i 2019 og kommunen har heller ikkje fått anmodning om busetjing i 2020.

Tenesteleiar HV som fungerte som leiar for flyktningtenesta gjekk av med pensjon i mars 2019 og ein av vikarane vart mellombels leiar fram til 01.07.19. Etter det vart det att ein tilsett i flyktningtenesta i 80% ut året. Prosessen med å slå saman flyktningtenestene i Lom og Skjåk vart skrinlagt, sidan ein vanskeleg kunne sjå at det var hensiktsmessig med tanke på reisetid og reduserte stillingar i både kommunar. Tenesta har hatt fleire i praksis i 2019 og opplev at det er mange som er positive til å ta inn framandspråklege i bedrifta si. Vi har eksempel på at det har vore så vellykkja at det etter kvart har ført til fast jobb. Mange hadde og sommarjobb i 2019, noko som er positivt. Likevel ser vi

at det er ein del som strevar med å få sommarjobb og som ikkje ser for seg at det er ein jobb for dei i framtida her i Lom.

Mykje tid og ressursar gjekk i 2019 med til vedlikehald av flyktningbustadar. Kommunen fekk nokre tilfelle med skadedyr rett før sommarferien som førte til store kostnader og mykje arbeid for mange involverte. Dette førte og til at vi tenesta brukte mange månadar på å få klargjort dei fråfløtte bustadane.

Det gode samarbeidet med Friviljugsentralen og vaksenopplæringa heldt fram i 2019. "Bra mat- kurs" for karer var stor suksess. Etter sommaren starta det gruppe der nokre av damene som var att deltok, der dei strikka og lærte seg å sy på symaskin slik at dei kunne bøte og sy om klede. Før jul var det koseleg avslutning på Friviljugsentralen med god mat, song, latter og tårer. Her var alle flyktningane som bur i Lom invitert, samt alle friviljuge som har vore med dei i dei ulike gruppene.

Psykisk helse

- Tenesta har hatt oppfølging av 180 pasientar i 2019, 89 ifrå Lom og 91 ifrå Skjåk. Fordelt på 109 kvinner og 71 menn. Det har vore 12 fleire pasientar i 2019 enn i 2018, ei auke på om lag 7 %.
- Alle 3 tilsette i tenesta har vore på 3 dagars rus og psykisk helse kongress i Trondheim.
- Tenesta har hatt sjukepleiarstudent i 10 vekers veileda praksis.
- Tenesta er aktive på facebook, og legg stort sett ut informasjon 2 kveldar i veka (tysdag og fredag) Fokus er informasjon om psykiske helseplager, normalisering av reaksjonar, fokus på kva ein kan gjera sjølv for å oppretthalde ei god psykisk helse og livsmeistring. Det er mykje positiv merksemd i samband med dette og ein har ynskje om å halde fram med dette.
- Det har ikkje vore sjukemeldingar i tenesta i 2019.
- I september kom felles kommunepsykolog for Lom, Skjåk og Vågå på plass. Med psykolog si kompetanse er tenesta betre rusta for å imøtekoma framtidige utfordringar. Han er eit viktig bidrag i å høgde kvaliteten og auke kompetansen innan psykisk helseteneste. Psykologen er fast medlem på tenesta sitt vekelege behandlingsmøte kvar mandag føremiddag.
- Tenesta har eit auka fokus på pårørande arbeid og er opptekne av dei pårørande sine rettigheter, og har eit spesielt fokus på barn som pårørande.
- Det knyter seg ein del spenning i samband med endringar i spesialisthelsetenesta, med nedlegging av Bredebygden og meir fokus på ambulant verksamheit. Korleis dette vil verke inn er usikkert.

Interkommunal kommunepsykolog

Etter nokre år med øyremerkte, statlege rekrutteringstilskot for å stimulera til tilsetjing av kommunepsykolog, vart kravet om communal psykologressurs lovfesta i Helse- og omsorgslova ifrå 01.01.2020 (e.g. LOV-2017-06-16-55). Samstundes vart dei nemnde tilskotsmidla overført ifrå Helse- og omsorgsdepartementets budsjettkapittel til kommuneramma.

Gjennom eit interkommunalt samarbeid vart kommunepsykolog tilsett i full stilling for kommunane Skjåk, Lom og Vågå frå 1. september. Gjennom tilsetjinga oppfyller kommunane det endra kompetansekravet i Helse- og omsorgslova som forpliktar kommunane til å ha psykologressurs i sitt tenesteapparat. Stillinga fordeles mellom kommunane i høve folketal. Lom kommune er vertskommune for stillinga, og har med dette arbeidsgjevaransvaret med ansvaret for den faste lokaliseringa av stillinga og personaladministrasjon under tenesteleiar for helse- og velferd i Lom.

Tilsetjinga vart gjort mellom anna med grunnlag i nemnde endra lovgjevnad, men også som følge av ei fleirårig periode med kartlegging av dei samarbeidande kommunane sine ynskjer, behov og mål for tenesta, utarbeiding av ei tilknytta stillings-/funksjonsbeskriving og eit målretta rekrutteringsarbeid. Soleis inngjekk innspel ifrå ulike faggrupper i kommunane, folkehelseinformasjon og data ifrå Ungdata som grunnlag for utviklinga av kommunane sine målbilete. I rekrutteringsprosessen blei det vidare vektlagt at dei aktuelle kandidatane si individuelle erfaring og kompetanse kunne gje eit vesentleg tilskot til rolleutforminga. Det blei også vektlagt at funksjonsprofilen måtte vera dynamisk og soleis kunne utvikla eller endre seg med grunnlag i erfaringstilfang og evalueringar underveis.

Med grunnlag i dette er psykologstillinga fordelt på system- og samfunnretta arbeid (20 %), rettleiing/ fagstøtte til personell eller tenester i kommunen (30 %), helsefremmende og førebyggjande arbeid (20 %), og lågterskel behandlings- og oppfølgingstilbod (30%).

I alt arbeidet vektlegg ein vidare å utøve og utvikle tverrfaglig samhandling og styrke brukarmedverknad.

Dei fyrste månadene av kommunepsykologens tilsetjingstid (f.o.m september 2019- t.o.m. desember 2019) vart delfinansiert med statlege tilskot, med tilknytta rapporteringsplikt til Fylkesmannen. Ved rapportering i desember 2019 vart kommunepsykologen si rolle og fungering evaluert opp mot kommunane sine mål og stillings-/ funksjonsbeskrivelse.

Til tross for ei relativt kort tid i stillinga, inngår allereie kommunepsykologen fast i fleire tverrfaglege samarbeid med helsestasjonar, psykisk helse for vaksne og ressursgruppe. Han bidreg til styrking og utvikling av dei kliniske helse- og omsorgstenestene for barn, ungdom og vaksne. Kommunepsykologen har også gjennomført og stilt seg tilgjengeleg for konsultasjon med fastleger i

kommunane. I utvalde saker har kommunepsykologen direkte behandlingskontakt. På saksbasis/einskild grunnlag har kommunepsykologen gjennomført konsultasjoner med pedagogisk personale, leiarar i grunnskolen og PPT. Vidare bidreg kommunepsykologen til kompetanseutvikling til dømes ved undervisning eller foredrag (foredrag skolepersonal, undervisning fagmøter psykisk helse).

Kommunepsykologen inngår i systemarbeid til dømes ved rådgjevande eller faglege innspel til tenesteleiarar, fagbistand ved undersøkingsarbeid (t.d. Ungdata) og fagbidrag til pågående program i oppvekstsektoren (t.d. "Sei det", Inkluderande miljø barnehage og skule).

